

Innkomne forslag

Vestland Arbeiderparti - Årsmøte 2021

Redaksjonskomiteens medlemmer:

Redaksjonskomite 1

Torbjørn Vereide, Sunnfjord (leder)
Siri Klokkestuen, Etne
Eigil Knudsen, Bergen/Stortingsgruppen
Solveig Willis, Kinn
Ørjan Myrmel, Voss
Henning Ekerhovd, Øygarden
Benjamin Jakobsen, AUF
Anne Gine Hestetun,
Bergen/Fylkestingsgruppen
Odd Harald Hovland, Stortingskandidat

Sekretær: Leonora Hjelle

Redaksjonskomite 2

Marte Mjøs Persen, Bergen (leder)
Siri Sandvik, Stad
Shirin Khdoor, Samnanger
Ronny Rydningen, Sogndal
Linn Kristin Engø, Bergen
Even Sørland, Bergen
Øystein Oen, Bjørnafjorden
Marie-Helene Hollevik Bransdal
Endre Toft, AUF

Sekretær: Jin Slgve Mæland

Oversikt over tema Red.kom 1 skal behandle:

Tema	Forslagsnr.	Antall forslag
Samferdsel	1- 40, 141- 142	42
Klima og energi	41-50, 140	11
Industri	97 - 100	4
Fisk & Hav	65 - 71	7
Kultur	104 - 106	3
Demokrati	125	1
Bolig	128	1
Internasjonalt	132	1
Annet	137	1

Oversikt over tema Red.kom 2 skal behandle:

Tema:	Forslagsnr:	Antall forslag
Arbeid	88 - 96, 136, 139	11
Asyl, flyktning og justis	72 - 75, 129, 133	6
Barn og unge, oppvekst	101 -103	3
Distrikt	107 - 112	6
Helse og tannhelse	51 - 64, 134, 138	16
Idrett	131	1
Landbruk og dyr	126 -127, 130	3
Skole	76 - 87, 135	13
Velferd	113 -124	12
22.juli	143	1
Sum:		72

SAMFERDSEL

Forslag 1 - Alver Ap

Innstilling:

E39 Vågsbotn-Klauvaneset må realiseres så snart som mulig

Begrunnelse:

E39 mellom Vågsbotn og Klauvaneset har en årsdøgntrafikk (ÅDT) på over 20 000 midt på strekket, 12 % av dette er tungtrafikk. Veibredden er på det smaleste mindre enn 6 meter, dette gjør veien til den smaleste i landet med hensyn til trafikkmengde. I tillegg er det 25 uoversiktlige avkjøreseler på strekket som er om lag 9 km.

Hvert døgn kjører et stort antall tunge kjøretøy med farlig gods på strekningen på vei til og fra industriområdet på Mongstad. Veggen er utrykningsvei til og fra Nordhordland for ambulanse, politi og brannvesen. Med rekkverk på begge sider er faren stor for at utrykningskjøretøy ikke vil komme frem. Det har vært arbeidet i nesten 40 år for å få en bedre og mer fremtidsrettet løsning. Bergen kommune, kommunene i Nordhordland og Vestland fylkeskommune har denne veien som et av sine prioriterte prosjekt til rulleringen av NTP (nasjonal transportplan), og det blir jobbet med en KDP (kommunedelplan) for hele strekket mellom Klauvaneset, Vågsbotn og Arna.

Statens vegvesen trukket tilbake planen pga strengere krav til kostnadene i prosjektet. Dette forsinker KDP-prosessen og det er fare for at den ikke blir ferdig i tide til å komme med i NTP i vår. Det er uakseptabelt at feil hos Statens vegvesen får konsekvenser for NTP-prosessen

- Alver AP forventer at arbeidet med KDP blir fullført i tide, slik at E39 Vågsbotn-Klauvaneset kan prioriteres som første byggetrinn av Ringvei Øst og realiseres i første periode etter rullering av NTP i 2021. Vi forventer at Vestland AP står fast ved og forsterker våre innspill til NTP og jobber med fylkeskommunen og sentrale parter slik at veien kan realiseres.

Forslag 2 - Arbeiderpartiet i Bergen

Innstilling:

Bybanen er Bergens viktigste samferdsels- og klimaprojekt!

Begrunnelse:

Bybanen er Bergens viktigste samferdsels- og klimaprojekt. For deler av byen har banen ført til en dramatisk forbedring i kollektivtilbudet. Med mer enn 18 millioner reiser i normalåret har Bybanen nesten en firedel av kollektivreisene i Vestland fylke. Bybanen sparer veiareal, klimagassutslipp og køtid, og skaper byfornyelse og nye, samfunnsbyggende møtesteder.

- Arbeiderpartiet i Bergen understreker at Bybanen til Åsane må sikres i kommende NTP, som det viktigste og mest kostnadseffektive, enkeltstående samferdselstiltaket i fylket.

Bompenger er ikke en økonomisk bærekraftig finansieringskilde, og derfor må det sikres økt statlig andel.

Forslag 3 - Arbeiderpartiet i Bergen

Innstilling:

Begrunnelse:

I år er det 30 år siden folk i nordre Åsane første gang aksjonerte i Steinestøveien.

Nordhordlandsbruene åpnet i september 1994. Siden den gang har folk på Haukås, Hylkje, Hordvik og Breistein ventet på trygg vei mellom Åsane og broen. Ingen annen vei i Norge har høyere trafikk på så smal og ulykkesutsatt vegbane. E39 Vågsbotn - Klauvaneset har veldig lav standard, svært høye trafikk tall og store køproblemer med fare for ulykker, og tap av liv og helse. Trafikken gjennom tunnelen i Vågsbotn er passert 25000 biler per døgn og den øker.

Etter mye frem og tilbake gjennom årene er veien nå planlagt som en del av ringvei øst.

Byrådsplattformen prioriterer nordre trasé som første strekning av ringveien, og det er nå satt i gang reguleringsarbeid. Samtidig avhenger framdriften i prosjektet av om det kommer med i Nasjonal transportplan som skal behandles i Stortinget våren 2021.

- AiB understreker hvor avgjørende viktig det er at veien til Nordhordlandsbruene nå kommer med i NTP, og at den skal gå i tunnel. Det har nylig kommet frem at planleggingen av prosjektet er forsinket fra Vegvesenets side. Det kan ikke aksepteres at feil hos Vegvesenet skal ha konsekvenser for NTP-prosessen. AiB forventer at VAP står fast ved og forsterker våre innspill til NTP og vil jobbe inn mot fylkeskommunen og sentrale parter for å sikre realisering i NTP i tråd med tidligere vedtak i Bergen kommune og Vestland fylkesting.

Forslag 4 - Austevoll Ap

Innstilling:

Meir attraktivt å reise kollektivt på sjøvegen

Begrunnelse:

For austevollingar som skal til Bergen sentrum er hurtigbåt eit godt alternativ til bil. Det er også eit godt kollektiv tilbod som på sikt kan bli meir miljøvenleg når flåten blir meir miljøvenleg. Turen frå Austevoll tar litt over ein time og kostar 265 kr ein veg pr vaksen. Dette er vesentleg dyrare enn om ein reiser med bil og ferje. Det er også vesentleg dyrare samanlikna med andre strekningar av same lengde i fylket. Det er mange austevollingar som pendlar til sentrum kvar dag. Nokre har arbeidsplassen i sentrum, og andre tar høgare utdanning på høgskular og universitet. Elevar som går på allmennfag vidaregåande kan pendle til og frå skule i sentrum dersom ruta blir tilpassa skulestart. Allmennfag tilbodet ved Austevoll vidaregåande er lagt ned, og alternativ til pendling er hybelliv for 15 /16 åringar.

Like vilkår og høve til å ta utdanninga er grunnleggjande i vårt parti, og det inneber at det må leggjast til rette for ungdomar i distrikta også.

- Innføre eit attraktivt kollektivtilbod på sjøen, med eit godt rutetilbod og med ein pris som gjer at ein tener på å velje kollektivt.

Forslag 5 - Austevoll Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

For austevollingar som skal til Bergen sentrum er hurtigbåt eit godt alternativ til bil. Det er også eit godt kollektiv tilbod som på sikt kan bli meir miljøvenleg når flåten blir meir miljøvenleg. Turen frå Austevoll tar litt over ein time og kostar 265 kr ein veg pr vaksen. Dette er vesentleg dyrare enn om ein reiser med bil og ferje. Det er også vesentleg dyrare samanlikna med andre strekkingar av same lengde i fylket. Det er mange austevollingar som pendlar til sentrum kvar dag. Nokre har arbeidsplassen i sentrum, og andre tar høgare utdanning på høgskular og universitet. Elevar som går på allmennfag vidaregåande kan pendle til og frå skule i sentrum dersom ruta blir tilpassa skulestart. Allmennfag tilbodet ved Austevoll vidaregåande er lagt ned, og alternativ til pendling er hybelliv for 15 /16 åringar. Like vilkår og høve til å ta utdanninga er grunnleggjande i vårt parti, og det inneber at det må leggjast til rette for ungdomar i distrikta også. Eit godt tilbod med hurtigbåt vil også gjere det meir attraktivt for folk å besøke det sentrum har å by på av kulturliv, handel og restaurantar. Eit godt rutetilbod med ein overkomeleg pris vil vere eit tilbod som kjem til nytte for mange.

- Innføre eit attraktivt kollektivtilbod på sjøen, med eit godt rutetilbod og med ein pris som gjer at ein tener på å velje kollektivt.

Forslag 6 - Austevoll Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Slik det er i dag, er Austevoll ein del av sone B i sonesystemet til Skyss. Ei sone der ein ikkje kjem seg med kollektivtrafikk utan å krysse ei anna sone. Dette gjer at det ikkje er hensiktsmessig at Austevoll er i sone B. Mange austevollingar har arbeidsstad eller studiestad i Bergen og det er mange frå kommunar lengre nord som pendlar til Austevoll, og det vil vere meir logisk at Austevoll er med i sone A i sonesystemet, slik som til dømes Askøy og Øygarden kommune.

- Austevoll inn i sone A på skyss-kartet Vestland Arbeidarparti vedtek at kollektivsone A blir utvida til å gjelda Austevoll kommune.

Forslag 7 - Austevoll Ap

Innstilling:

Ap som eit tydeleg distriktsparti i samferdsel saker

Begrunnelse:

Med miljøvennlege ferjer og stadig aukane elbilpark, vil ferjetransport vere eit godt miljøvenleg samferdselstilbod og eit godt alternativ til brubygging som både er kostnadskrevjande og utgjer eit større inngrep i naturen. Det kan opplevast lite distriktsvenleg at kostnadene med ferje transport aukar, medan bruer og tunnelar etter kvart blir nedbetalte. Det opplevast også urimeleg at næringsliv og pendlarar skal ta kostnaden med innføring av miljøvennlege transportmiddel, når ein andre stader i fylket jobbar aktivt for å få ned reisekostnader på for eksempel bybanen. Samfunn som Austevoll utan fastlandsamband har i realiteten nattestengt riksveg kvar dag. Det trengs fleire avgangar seinare på kvelden i sør, og eit nattferjetilbod i nord.

- Ferja bli rekna som ein del av vegnettet, og det må vere eit framtidig mål at kostnad med å bruke ferje kan samanliknast med bru og tunnel.
- Fleire ferjeavgangar i døgnet til og frå Austevoll og spesielt seinare avgangar både i nord og sør.
- Pendlarfrådraget blir auka og innslagspunktet lågare enn i dag

Forslag 8 - Austevoll Ap

Innstilling:

Rimelegare reisekostnader i distrikta

Begrunnelse:

Det er viktig at Arbeiderpartiet viser at dei er eit parti for distrikta og for dei med dei lågaste inntektene. Kostnadene med reiser i distrikta rammer mest dei som har svakast økonomi. Det kostar for mykje å fylle på rabattkorta, og det er ikkje alle som har råd til å skaffe seg ny miljøvenleg bil.

- Vestland Arbeidarparti vedtek at det blir lagt til rette for at pendlarutgifter som gjev skattefrådrag kan gjerast opp månadsvis .
- Det må billegare å fylle på rabattkort.

- Innføre færre soner til sjøs (jmf med buss- soner på land)

Forslag 9 - Austevoll Ap

Innstilling:

Oppgradere fylkesveggar

Begrunnelse:

Fylkesvegen i Austevoll har til dels elendig standard, og det hastar med å få oppgradert. Einskilde stader er det farleg for skulelevar og andre mjuke trafikantar å ferdast. Dette medfører auka biltrafikk rundt opningstider til skule og arbeid, som igjen aukar faren ytterlegare. Næringslivet lir under elendig vegstandard og på dei mest trafikkerte stadene oppstår det dagleg kork, fordi fylkesvegen er for trong til at to bilar kan passerast. Slike korkar er ei ulempe for alle trafikantar men særleg krevjande for bussar og store trailerar. Dei fører også tidstap som stressar sjåførar som gjerne skal rekke ein ferjeavgang.

- Sentrale fylkesveier må oppgraderast til gul midtstripe, og gang/ sykkelveggar må på plass i sentrale bygde område for å sikre trygge skuleveggar og løyse unøydige hindre for næringslivet.
- Fylkesvegstandard er ei utfordring i heile fylket og ein bør difor utfordra Ap sentralt til å gje ekstra tilskott til vegutbetring i distrikta.

Forslag 10 - Austevoll Ap

Innstilling:

Nattbussordning «Trygt heim»

Begrunnelse:

Trygt heim er eit nattbusstilbod i distrikta for ungdom mellom 16 og 24 år. Ordninga går ut på at ein bestiller minibuss eller liknande og ungdommen kan då kome seg trygt heim for 50 kroner. Denne ordninga er innført i fleire kommunar i Vestland med godt resultat, men det føreligg pr i dag ikkje noko plan for vidare utviding til resten av kommunane.

- Vestland AP vedtek at nattskyssordning «Trygt heim» blir innført i alle distriktskommunane i fylket.

Forslag 11 - Bjørnafjorden AP

Innstilling:

Begrunnelse:

Det er eit stort etterslep på vegvedlikehaldet i Vestland fylke. Samtidig er ei rekke nye vegprosjekt under planlegging. Sjølv om behovet er stort er det ikkje realistisk at vi vil få statleg

finansiering til alle dei ønska vegprosjekta samtidig. Det vil derfor oppstå ei rekke situasjonar der dei ulike kommunestyra og fylkestinget må prioritere kva vegprosjekt som er viktigast for oss. Bjørnafjorden Arbeidarparti meiner at omsynet til liv og helse må vega tyngst når ulike prosjekt vert vurdert mot kvarandre. Derfor er det òg viktig at det vert set av tilstrekkeleg midlar til å vedlikehalda og rassikra fylkesvegnettet. Arbeidarpartiet må vera i førarsetet når det gjeld auka bruk av den «blå» vegen. Ny og miljøvenleg teknologi for ferje og hurtigbåttrafikk må løftast fram og sikrast ressursar og infrastruktur til.

- Hordfast indre trasé må vurderast på nytt. Nei til E39 midtre trase med bru over Bjørnafjorden.
- • Vegprosjekt der det er høg ulykkesfrekvens og stor rasfare skal prioriterast først.
- • Vedlikehald, ras- og tunnelsikring av fylkesvegane må aukast kraftig. Arbeidarpartiet skal sitja i førarsete for å fremja grøn skipsfart og auka bruk av den «blå» vegen både for ferje- og hurtigbåttrafikk

Forslag 12 - Bremanger Arbeidarparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Vestland fylke ber preg av eit stort etterslep på fylkesvegnettet. Utbetring av vegnettet vil vere ein viktig faktor i betring av klima og miljø, i tillegg til at det vil ha stor betydning for tryggleiken til alle innbyggjarar. Arbeidarpartiet skal ta ei aktiv rolle i å styrke kollektivtransporten i distrikta, og utarbeide gode vilkår for pendling til arbeid og skule. Næringslivet og industrien er avhengig av framtidsretta vegnett for effektivisering, og næringsutvikling i fylket men også i kampen for å nå nullutsleppmålet. Arbeidarpartiet skal sikre god ramme for kvardagsliv, og like mogelegheiter for distrikta til å delta i verdiskaping.

- Arbeidarpartiet skal sikre utbetring av vegnettet i distrikta, og legge til rette for gode bu- og arbeidsmiljø.

Forslag 13 - Bremanger Arbeidarparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Fylkesveg 614 Svelgen – Indrehus stod som den høgst prioriterte fylkesvegutbygging i gamle Sogn og Fjordane sin RTP. Vegen er næringsåra på kysten som store bedrifter som Elkem Bremanger og Steinvik fiskefarm med fleire er avhengige av for inn og utfrakting av råstoff. Vegen er også viktig i arbeidet med utviding av bu- og arbeidsområdet i regionen. Fylkesvegen er i dag av så dårleg standar at den er til stor fare for tryggleik, miljø og sikkerhet for alle som ferdast her. Arbeidarpartiet skal arbeide for fortgang i utbygging av Svelgen – Indrehus.

- Arbeidarpartiet må sikre oppstart, og framskunding av Svelgen – Indrehus.

Forslag 14 -Etne Arbeiderparti

Innstilling:

Ei kollektivsatsing for alle!

Begrunnelse:

Etne Arbeiderparti støttar opp om Arbeiderpartiet sitt utspel om halvering av ferjeprisane. Vestland fylke satsar på kollektivtilbod, utsleppsfrie ferjer, snart utsleppsfrie snøggbåtar og ein takststruktur som gjer det rimeleg å reise med buss i store deler av fylket. Satsingane må kome innbyggjarar i heile fylket til gode. I Sunnhordland og grenseområda Vestland/Rogaland er kollektivtilbodet på buss i stor grad basert på private ekspressruter (Haukeliekspressen og Kystbussen), spesielt har Kystbussen mykje høgare takstar enn sonetakstane i det offentlege busstilbodet. Dersom ein reiser med buss, må ein med eigen bil køyre 6 mil frå Etne til Sveio for å ta Kystbussen til Bergen. Tur/retur er kostnaden kr 748,- om ein kjøper billett på nett. Ei bussreise frå sone D (Etne) til sone A(Bergen) tur/retur vil koste kr 204 for vaksen og student, i følge Skyss -appen. Det tilbodet eksisterer ikkje sidan Skyss ikkje har buss her. Den raskaste reisa frå Etne kommune til Bergen er med snøggbåten frå Skånevik eller Ølen. Prisane på snøggbåt mellom Skånevik og Bergen er 725,- tur/retur. Ein veg kostar 290,- for student. Dette er eit rutetilbod som legg til rette for å dagpendle frå Skånevik, men prisen gjer det vanskeleg. Ungdomskortet gjeld på alle ruter. Dette gjer at Etne/Sunnhordland ikkje er ein del av rute- og prisstrukturen til Skyss. Etne Arbeiderparti oppmodar om: Å sjå på kollektivtilbodet mellom Bergen og heile Sunnhordland. Å samordne takstar og rutetabellar mellom buss og båt over fylkesgrensa. Å vurdere om private aktørar skal halde fram å ha ansvar for kollektivtilbodet med buss langs kysten. Forslag til vedtak: Kollektivtilbodet i Vestland fylke må gjelde alle deler av fylket.

- Me må få ei kollektivsatsing for alle i Vestland!

Forslag 15 - Etne Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

E-134. Vestland må knytast saman mot aust, sørover og nordover gjennom gode transportkorridorar både for veg og bane. E16, E39, E134 og Bergensbanen er dei sentrale transportkorridorane for å få til god bu- og arbeidsregionar samt leggje til rette for vekst i næringslivet i Vestland. For å oppnå dette må ein ha fortgang i utbygginga av fellesprosjekt. E-134 er av regjeringa valt som hovudtrase mellom aust og vest. Då må det prioriterast. I 2015 vedtok kommunestyra i Etne og Vindafjord kommunar kommunedelplanen for Bakka-Solheim. Strekninga går gjennom to fylke og to kommunar og legg vegen utanom kommunesentra, Etne og Ølen. Strekninga er 40 km lang. Det er viktig at Bakka- Solheim blir prioritert av omsyn til trafikktryggleik og transportsikkerheten aust-vest. Strekninga har stor andel tungtransport. Næringslivet vil få betre konkurransekraft samstundes som ein vil redusere utslepp og trafikkfare. Store deler av strekninga manglar gul stripe, har vanskeleg kurvatur og manglande passering når køyretøy møtest. Når Rogfast er ferdig er prognosen 30% trafikkauke på E 134 gjennom Etne sentrum. Me ber om støtte til at Bakka – Solheim på E-134 blir tatt med i NTP. Forslag til vedtak: Vegstrekninga Bakka – Solheim på E 134 blir tatt med i NTP.

- E 134 Bakka- Solheim må få europavegstandard

Forslag 16 - Etne Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

4. Fv 548 Håland- Skånevik Fv 548 er ein diagonal som bind saman midtre deler av sørfylket. Vegen går frå E 134 i Etne til Skånevik, med ferjestrekninga Skånevik- Utåker- Matre i Kvinnherad. Vegen er viktig for ein viktig arbeidsmarknad i Hardanger/Sunnhordland/Ryfylke og Haugalandet og varetransport mellom regionane. Fv 548 treng sterkt til utbetring. Vegen har vore planlagt utbetra fleire gonger. No er det nye planar. Denne gongen må det realiserast. Vegen er svært smal, rasutsett med usikkert fundament og eignar seg ikkje lenger for den store trafikken som må køyre på strekninga.

- No er det Fv 548 Håland- Skånevik sin tur.

Forslag 17 - Gloppen Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

I distrikt Noreg har vi ei utfordring med å redusere bilbruken. Stor mangel på kollektive tilbod fører til at fleire må køyre bil for å utføre daglege gjeremål, som å reise på jobb, handle, hente/bringe barn og eldre til og frå deira aktivitetar, for å nemne nokon.

Det er godt kjent at det vert fleire eldre i Noreg og talet vil auke i åra som kjem, og på trass av det bygger ein ned kollektivtilbodet i utkantane. Ein reduserer tal bussavganger og ein ser på kutt i kortbanenettet.

Eldrebølga fører til at fleire eldre utan egen bil og førarkort, blir isolerte i eigne heimar. Om kollektivtransport skal være et godt alternativ til personbilen må tilbodet betrast over heile landet. Det må byggas fleire sykkel og gangvegar i og utanfor dei store byane. Alle skal ha høve til å være med å redusere klimautslepp slik at heile landet kan få betre luft uavhengig kor ein bur!

- Arbeiderpartiet skal forplikte seg til å bygge ut kollektivtilbodet, sykkel og gangveg spesielt i distrikta slik at fleire får en god kvardag der ein gjer liva deira enklare og meir effektivt.

Forslag 18 - Hyllestad Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Næringslivet i distrikta er heilt avhengig av god samferdsel for å ha konkurransedyktige vilkår. I dag opplev ein at lange lastebilar må laste om på mindre bilar, søke dispensasjon for lengde- og vektbegrensningar og i enkelte tilfeller vel nokre å køyre ulovleg for å få lasta si heilt fram til mottakar. Skal vi sikre verdiskaping i distrikta så treng fylkesvegane generelt og tilførselsvegane til E39 spesielt, eit løft.

- Veg til næring i Ytre Sogn og Sunnfjord. Hyllestad, Fjaler, Solund, Askvoll og Høyanger. Ein felles bu- og arbeidsmarknad. Samferdsel må ikkje stå til hinder for næringsutvikling og bygging av regionen. Det må lagast ein "pakke" som sikrar lovleg famkommeligheit for langtransport for alle relevante strekningar i vårt område.

Forslag 19 - Høyanger Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Vegstandarden på strekninga «Bogen – Sunnfjord Grense» på E 39 gjennom Høyanger kommune er skremmande dårleg. Fleire parsellar er direkte trafikkfarlege og strekninga er å sjå på som ein stor flaskehals for alle som nyttar seg av vegen.

Stamvegutvalet for E 39 har over tid arbeida målretta for å få til «gul midtstripe» frå

Hordaland Grense til Skei. Før at eit vegprosjekt kan kome i posisjon til å få konkrete

løyvingar, må styresmaktene tilføre prosjektet planleggingsmidlar via Statens vegvesen.

Høyanger kommune har gjort sin del av jobben, då kommunedelplanen for strekninga er

vedteken i kommunestyret. Vi har og gjort ferdig reguleringsplan for området.

Statens vegvesen har rådd til at det vert laga ein lang tunnel forbi Vadheim, med

tilførsleordningar i sør og nord. I gjeldande NTP for åra 2018-29 har Statens Vegvesen rådd til

at prosjektet for planleggingsmidlar i 2023 – og at prosjektet er ferdig i 2026.

Høyanger AP krev at denne strekninga vert prioritert for tildeling av midlar til planlegging og gjennomføring tidleg i den nye NTP perioden.

- NTP – planleggingsmidlar først i perioden til E39 «Bogen – Sunnfjord grense»

Forslag 20 - Høyanger Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Vegstandarden på strekninga «Merket – Ulvåna» på FV 55 i Høyanger kommune er skremmande dårleg. Fleire parsellar er direkte trafikkfarlege og strekninga er å sjå på som ein stor flaskehals for alle som nyttar seg av vegen. Høyanger Ap meiner tida er komen for å gjennomføre mindre, punktvisse utbetringar etter ein anna vegnormal («dreiebok») i fylkesvegnettet enn for riks- og europavegar.

Fylkeskommunen både kan og bør fråvike vegnormalen der det er tenleg økonomisk, og ikkje medfører fare for trafikantane. Høyanger AP registrerer at strekninga «Tronvik – Ulvåna» vart plassert som prioritet nr 2 på Sogn og Fjordane fylke si liste over «mindre investeringar på marginallista i investeringsprogrammet til RTP 2018-27. Strekninga fekk tilført kr. 150.000,- i planleggingsmidlar i 2020. Vestland fylkeskommune har sett av kr. 300.000,- til å starte arbeid med reguleringsplan for strekninga «Merket – Ulvåna» i 2021. Høyanger AP krev at Vestland fylke prioriterer denne strekninga ved å løyve midlar til ei etappevis utbetring tidleg i ny RTP for Vestland fylke

- Ny RTP – midlar via potten «uprioriterte mindre investeringar» til parsellar på Fv. 55 «Merket - Ulvåna»

Forslag 21 - Kvam Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Tryggleiken i alle rasfylke må koma fyrst. Det er eit nasjonalt prosjekt å gjera Noreg trygt. La oss setja ein overordna visjon om å rassikra Noreg på 12 år! Det er eit nasjonalt prosjekt alle bør kunna støtta.

I eit elles godt alternativt statsbudsjett frå Arbeidarpartiet – satsinga vår på trygge, framkomelege og rassikre vegar framstod som puslete. Den ber preg av at at me anten ikkje har skjønna dei utfordringane store delar av distrikts-Noreg står overfor, eller at me ikkje prioriterer distrikta.

I indre Vestland er me oppgitte over dette. Samferdsels- og distriktpolitikken er område der me i store delar av oponionens fell mellom to stolar. Desse stolane er no tekne av Framstegspartiet og Senterpartiet. Dette er område me bør eiga – det skal vera vårt prosjekt. Ikkje berre i eigne auge, men i alle sine auge. Då må me føra ein politikk som byggjer på kjerneverdier i sosialdemokratiet. Like moglegheiter og tryggleik. Folk sin arbeidsveg. Borna sin skuleveg. Me skal ha det øvst på lista vår. Eit sosialdemokratisk parti som Arbeidarpartiet må stå for ein politikk som prioriterer fyrst å skapa akseptable vegar for alle. Eit sosialdemokratisk parti skal løfta alle opp på eit minstenivå før ein aukar nivået der det frå før er best. Me meiner dette må vera like opplagt og openbart i samferdselspolitikken som det er i den økonomiske politikken og i resten av politikken vår.

Rassikring og framkommelegheit fører til like moglegheiter og tryggleik. Like moglegheiter og tryggleik er kjerneverdier for oss. Det er altså eit felt der Arbeidarpartiet må stå fremst i fylkinga. Me kan ikkje la andre parti vera tydelegare enn oss på dette området

- Me må byggja på nasjonal rassikringsgruppe sitt overslag når det gjeld behovet for rassikring. 71 milliardar over 12 år. Det inneber at løyvingane til rassikring av fylkesvegar og riksvegar skal opp på 5,9 milliardar kroner årleg i komande NTP-periode. Visjon: Arbeidarpartiet skal rassikra Noreg!

Forslag 22 - Kvinnherad Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Fjellbergsamandet er eit viktig samferdselprosjekt for å knyte i saman heile Kvinnherad.

- Vestland Arbeiderparti vil arbeida vidare for å realisere veg- og bruløysing til Fjellbergøyane. Stortinget har vedteke ei definering av ferjeavløysingsordninga som skal gjera det mogleg å realisere Fjellbergsamandet AS, arbeidet skal intensiverast inn mot Vestland fylke og Storting dette året.

Forslag 23 - Kvinnherad Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Utgreiing av Snøggbåtrute Sunde – Os etter ny vegopning av E39 Svegatjørn – Rådal, hovudveg mellom Os og Bergen.

- Arbeiderpartiet vil utgreie moglegheit for ny snøggbåtrute Sunde-Os ved neste anbudsrunde for Sunnhordland. Det vil vera framtidsretta i forhold til pendlarar og næringsliv som har etterspurt betre kommunikasjon mellom Kvinnherad-Bergen i fleire år bl.a. med kort veg til Bergen lufthamn.

Forslag 24 - Kvinnherad Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Dette er eit viktig samferdselsprosjekt for regionen. Tunellen vil gje trygg og kortare veg mellom Folgefonntunnelen og Jondalstunnelen. Vegen mellom desse 2 er i dag særst ras-utsatt, og var seinast i vinter stengd.

- Arbeida for at påkobling av tunell-innslag i Austrepollen vert plassert ved utløp av Folgefonntunnelen.

Forslag 25 - Kvinnherad Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

E134 må være hovudveg mellom aust og vest, og ein må også sjå på diagonalen mot Bergen som ein del av denne. Dette har ein positiv samfunnsøkonomisk gevinst.

- Støtta til prioritering av E134 Haukelivegen.

Forslag 26 - Kvinnherad Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

I lys av siste tids hendingar med leir-ras, så er dette området høg aktuelt i å få ei sikring av fylkesvegen gjennom dette området. Størsteparten av veg-trafikken mellom Stord og Kvinnherad går igjennom dette området.

- Toftebrekka jobbast opp og fram. (Sikrast). Kvinnherad kommune aktivt inn mot fylket og staten.

Forslag 27 - Kvinnherad Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Dette med etterslep av vedlikehald på vegar, ikkje berre i Kvinnherad, men i heile Vestland-fylke, og i Noreg er ei god sak som Arbeiderpartiet kan ta eigarskap til. Mange kjenner på dårlege og utrygge vegar. For næringsliv fører dårlege vegar til høgare kostnader.

- Auka løyvingar til drift/vedlikehald av kommunale vegar.

Forslag 28 - Masfjorden Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Vestland fylke er eit stort ferjefylket, og Vestland Ap har stått i front for det grønne skifte innan samferdsel på fylkesnivå. Pågåande elektrifisering av ferjene på Vestlandet, samt planar for hybride hurtigbåtar frå 2024, krev store investeringar og grip tungt inn i den allereie svake økonomien til fylkeskommunen. Fylket har bedt regjeringa om at staten må vere med på eit større bidrag til satsinga for å nå klimamåla innan 2030. Så langt har regjeringa løyvd 100 mill. i neste års budsjett, noko som er 700 mill. for lite i følge dei 3 største ferjefylka Vestland, Møre og Romsdal og Nordland (nrk.no/vestland 4.10.20). Ferjeprisane i fylket auka med 35-40% ved innføring av autopass ved starten på 2020. Dette har gått hardt ut over vanlege folk sin økonomi langs kysten, og særleg for dei som pendlar. Masfjorden Arbeidarparti ser det derfor som svært tilfredsstillande, at partiet går inn for å halvere ferjeprisane. Likevel, så er dette berre tilbake på 2018-nivå. Partiet bør derfor arbeide vidare med nok ei halvering og til slutt ei full inndeckning, slik at det vert ei rettferdig fordeling av samferdselsmidlar for reisande på alle type vegar, også ferjestrekningar. Slik det er no, er dei høge ferjeprisane svært krevjande for både folk og næringsliv.

- Lågare ferjetakstar bør finansierast av staten.

Forslag 29 - Sogndal Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Kollektivtilbod

Sogndal AP vil styrke kollektivtilbodet for alle innbyggjarane i kommunen og alle som reiser inn og ut av kommunen. Det bør leggst til rette for miljøvenleg kollektiv reising og det bør arbeidast for ei likeverdig prising av kollektivtilbod i heile Vestland fylkeskommune.

I samband med kommunesamanslåinga er eit godt internt kollektivtilbod viktig for å knyte heile kommunen saman. Eit tilbod der alle kan nytte seg av heile kommunen sine tilbod og tenester. Det er god distriktspolitikk å sikre innbyggjarane tilgang til regionsentera sine tilbod. Særleg ungdom under 18 år har behov for reiser på ettermiddag, kveld og helg knytt til arbeid, handel og fritid. Tilpassa kollektivtilbod for denne gruppa er utfordrande og det er viktig at det er god dialog med kommunen og brukargruppene for å utvikle eit tilbod som vil bli nytta. Bestillar transport som erstattar rutebuss der passasjergrunnlaget ikkje tillet fast rute bør vurderast.

Sogndal kommune er ein studiestad og studentar er avhengig av eit godt kollektivtilbod mellom heimstad og kommunen. Likeeins må vi sikre at dei som er på jobbreise inn og ut av kommunen har eit god tilbod og det må tilretteleggast for eit godt kollektivtilbod for reiselivsnæringa. Det gjelder både buss, båt og fly.

- Sogndal AP vil styrke kollektivtilbodet for alle innbyggjarane i kommunen og alle som reiser inn og ut av kommunen. Det bør leggst til rette for miljøvenleg kollektiv reising og det bør arbeidast for ei likeverdig prising av kollektivtilbod i heile Vestland fylkeskommune.

Forslag 30 - Stad Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Vestlandet er ein region med eit enormt behov for utbetring av vegnettet. Det største behovet handlar om å sikre innbyggjarane og folk som har arbeidsdagen langs vegane trygge og framkomelege vegar. Rassikring er det aller mest akutte behovet. Det er heller ikkje godt nok at vi i 2021 har riksvegar med lange parti utan gul midtstripe. Vi forventar difor at både lokale, regionale, og nasjonale politikarar no legg til side dei store luftslotta, og sørger for at vegmidlar i størst mogleg grad vert brukte til å sikre liv og helse. Industri, næringsliv, og turisme bidreg i vår region med ei enorm verdiskaping. Skal dette fortsette, må forholda bli lagt til rette for trygge og forutsigbare transportløyningar. Isolerte bygder, og naudetatar som ikkje kjem fram må verte slutt på. Vi må sikre at skulebarna våre kjem seg trygt til skulen

kvar dag, det er ikkje haldbart at foreldre sender barna på skulebussen med begrunne bekymring for skulevegen. Vegbygging handlar om mykje meir enn transportårar mellom dei største byane. Det handlar også om det skal vere mogleg og trygt å bu og arbeide i heile landet.

- Sikre og trygge vegar før gigantiske bruprojekt
- Rassikring før rekordlange undersjøiske tunnellar
- Gul midtstripe på alle riksvegar før motorvegar

Forslag 31 - Stord Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Stord Ap meiner at kollektivtilbodet i Sunnhordland må styrkast. Med ei sterk satsing på kollektivtilbod i Bergen og omland så har ein oppnådd gode resultat. No er tida inne for å få til ei satsing ute i distrikta også. Då kan ein ikkje kopiere det ein har gjort i byområda, det må takast omsyn til korleis busetnaden er i den enkelte kommune.

Stord Ap vil at Vestland fylke skal legge til rette for lokalt tilpassa forsøksprosjekt innan kollektivtrafikken. I den samanheng må ein også sjå på innfasing av lokalt biodrivstoff som ein del av desse forsøka. Eit anna viktig moment er å få til gode kollektive kommunikasjonar mellom Bergen og regionsentra. Det må leggest til rette for fleire gjennomgåande ruter og gode kommunikasjonar ut frå regionsentra.

- Vestland AP vil arbeida for ei betre lokal tilpassing og styrking av kollektivtilbodet utanfor dei mest folkerike delene av Vestland Fylke.

Forslag 32 - Stord Ap

Innstilling:

Samfunnsutvikling gjennom ferjeavløysing.

Begrunnelse:

For den vidare utviklinga til Stord og Sunnhordland er det avgjerande viktig å både knyta regionen tettare saman internt, og knyta regionen tettare saman med regionane nord og sør for oss. I dette perspektivet er det tre samferdselsprosjekt som framstår som særleg viktige:

1. Hordfast.

Stord Ap står fast på at Hordfast er eit avgjerande viktig prosjekt for å knyta saman Vestlandet, styrka attraktiviteten til regionen, og leggja grunnlaget for omstilling og framtidig

jobb- og verdiskaping. Hordfast er også eit særdeles godt klimaprojekt som vil bidra etydelege ubttsleppskutt og innsparing i energiforbruk, samt leggja til rette for eit grønt skifte i industrien og næringslivet vårt. Rogfast er vedteke og skal byggjast. Dersom ikkje også Hordfast kjem, vil dette splitta Vestlandet og trekkja Stord og Sunnhordland sørover mot Stavanger og Rogaland. Saman vil Hordfast og Rogfast knyta saman og styrka Vestlandet som ei reell motmakt til austlandet.

2. Huglasambandet

Det har i mange tiår vorte snakka om bru mellom Skorpo på Tysnes og Huglo, og Stord Ap meiner det er på høg tid at Huglabrua vert realisert. Bru til Huglo er viktig i seg sjølv for åbeta kommunikasjonane for innbyggjarane på Huglo, og vil saman med bru over Langenuenavløysa f erjesambandet Jektevik-Hodnanes-Nordhuglo. Brua vil også leggja grunnlaget for ei betre og tettare tilkopling mot Kvinnherad.

3. Sunnfast

Stord Ap meiner at Sunnfast, dvs. bru frå Tysnes til Huglo og vidare til Kvinnherad, er den mest framtidretta løysinga for betre samband mellom Stord og Kvinnherad. Prosjektet vil redusera reisetida og styrka samhandlinga mellom Stord, Tysnes og Kvinnherad, og slik styrka Sunnhordland som region. Prosjektet vil også gje betre tilkopling frå Kvinnherad til ny E39, og slik styrka Hordfast-prosjektet.

- Hordfast må prioriterast i første periode i kommande NTP med ferdigstilling innan 2030.- Huglasambandet må prioriterast i kommande RTP. - Ferjeavløysingsordninga må vidareutviklast slik at den kan mogleggjera realisering av Huglasambandet. - Sunnfast må prioriterast i kommande RTP. - Ferjeavløysingsordninga må vidareutviklast slik at den kan mogleggjera Sunnfast.

Forslag 33 - Stryn Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Stryn Ap meiner det er eit statleg ansvar å byggje og drifte viktig infrastruktur. Det er ikkje ønskjeleg å privatisere verken veg eller jernbane. For oss som bur i eit distrikt utan jernbane og der vegutbygging vert vurdert ut frå samfunnsøkonomiske kriterium, er det viktig å halde på nasjonal politisk styring. Verdiskaping i lokalt næringsliv – industri, sjømatnæring og landbruksnæring, er avhengig av sikre vegar og god regularitet. Det må sikrast gjennom aktiv politisk styring på nasjonalt og fylkeskommunalt nivå. Statens Vegvesen må byggjast opp til å vere den berande aktøren.

- Vegnettet er for store delar av landet ein livsnerve og må reknast som kritisk infrastruktur. Stryn Ap meiner at slike strukturar må ligge under direkte politisk styring gjennom Staten sine eigne organ. Difor må Statens Vegvesen byggjast opp i staden for å byggjast ned. Arbeidarpartiet skal vere ein pådrivar for å styrke Statens Vegvesen som regional aktør og hovudaktør for bygging og drift av vegnettet.

Forslag 34 - Sunnfjord Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

I desember 2019 vart det lagt fram nye tal fra Statens vegvesen om behovet og kostnadane for rassikring av raspunkt med høg og middels rasfaktor i Norge. Rapporten viser at behovet for midlar til rassikring av riks- og fylkesvegnettet er heile 70 milliarder kroner. Langt over halvparten av desse kostnadene er på fylkesvegnettet. I rapport utarbeidd av Vestlandsforskning i samarbeid med Statens Vegvesen heiter det m. a: «meir og kraftigare nedbør aukar faren for flaum og fleire typar skred medan havnivåauke truar kystnær infrastruktur» (s. 10-11 i rapporten) Rapporten analyserer utvalde vegstrekningar, den syner auka risiko for flaum, erosjon og ras. Dette gjeld og vegar som er viktige for innbyggjarar i Sunnfjord kommune: RV5 frå Førde til Florø, FV 609 Førde/ Askvoll ved Hundsåna, og FV 610 Eldalsosen/ Sande ved Matbjøra (tunnel), Våtedalen og Skjerdsura på E39. Behov for utbetring og trygging av desse vegstrekningane er godt kjend over lengre tid, men med altfor små midlar vil det ta urimeleg lang tid å få dei utbetra. Det handlar om busetting og utvikling av næringslivet, og om liv og helse til innbyggarane våre.

- Klima i endring krev auka innsats for rassikring. Sunnfjord Arbeidarparti krev at det vert utarbeidd ein eigen tiltakspakke for rassikring. Politikarane våre må arbeide aktivt for at rassikring vert prioritert.

Forslag 35 - Ullensvang Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Forslaget er i tråd med tidlegare årsmøtevedtak og vedtak i Vestland fylkeskommune. Tryggheten i alle rasfylker må koma først. Det er eitt nasjonalt prosjekt å gjera Noreg trygt. La oss setja ein overordna visjon om å rassikra Noreg på 12 år! Vår politikk byggjer på kjerneverdier i sosialdemokratiet. Like moglegheiter og tryggleik. Me skal ha øvst på lista vår å gjera born sin skuleveg og folk sin arbeidsveg trygg for ras. Eit sosialdemokratisk parti som Arbeidarpartiet må stå for ein politikk som prioriterer fyrst å skapa akseptable vegar for alle. Ved å setja rassikring av Noreg som jobb nummer ein i nasjonal transportplan, skal vi trygga

og rassikra Noreg på 12 år. Det er ei nasjonal målsetting å strekka seg etter som er rettferdig for alle.

- Arbeidarpartiet skal rassikra Noreg! Årsmøteforslag: Arbeiderpartiet legg nasjonal rassikringsgruppe sin konklusjon til grunn. Vi treng 71 milliardar kroner over 12 år for å rassikra heile Noreg. Prioriteringane skal gjerast etter skredfaktor. Med ei slik prioritering vil alle kjente raspunkt med høg og middels høg skredfaktor vera utbetra i perioden 2022-2033. Det er vår nasjonale målsetting å rassikra Noreg!

Forslag 36 - Vaksdal Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

«Vaksdal Ap meiner samferdselspolitikken skal vera med på å byggje heile landet og samstundes vera ein del av det grønne skiftet. Folk må ha infrastruktur som er trygg og rassikring må difor prioriterast. Samstundes må hovudvegane mellom dei store byane vera rusta for berekna trafikk på strekninga. VEG: Liv og helse må vera viktige kriteria når ein prioritera vegar. Dei samfunnsøkonomiske analysane som i stor grad vert lagt til grunn for prioriteringane, må også ta med liv og helse og ta med gevinst av oppgradering av eksisterande strekingar. BANE: Klima og miljø krev at me legg til rette for å frakta store mengder menneske inn og ut av dei store byane med bane. Bergen må også få si Inter City strekning, nemleg Bergen – Voss. Bergensbanen 4 timar mellom Oslo – Bergen må realiserast. GODS: Det at me flyttar gods frå veg til sjø og bane gjev oss ein miljøgevinst og er viktig for trafikktryggleiken ved at store trailere vert tatt av vegen. Bergensbanen fraktar i dag ca. 55% av godset mellom Oslo og Bergen. Målet må vera å få dette talet opp i 80% igjen. K5, ny veg og bane mellom Bergen og Voss må få oppstart så raskt som mogeleg.

- Vestland Ap bør ha ein uttale om samferdsle/K5.

Forslag 37 - Vik Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

I vestlandet generelt er store deler av vegnettet prega av smale, svingete og rasfarlege vegar. Dagens regjering har lagt sin elsk på store/kostbare prosjekt som fjordkryssingar, som fører til liten nytte for distrikta i sin heilheit. Lastebilnæringa er klare i sine anbefalingar, TRYGGJE VEGAR FRAMFOR RASKE VEGAR.

- Vi ynskjer at det skal satsast meir på vegane mellom fergene, framfor kostbare fjordkryssingar.

Forslag 38 - Voss Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Voss Ap meiner samferdselspolitikken skal vera med på å byggje heile landet og samstundes vera ein del av det grønne skiftet. Folk må ha infrastruktur som er trygg, og rassikring må difor prioriterast. Samstundes må hovudvegane mellom dei store byane vera rusta for berekna trafikk på strekninga. Liv og helse må vera viktige kriteria når ein prioriterer vegar. Dei samfunnsøkonomiske analysane som i stor grad vert lagt til grunn for prioriteringane, må også ta med liv og helse og ta med gevinst av oppgradering av eksisterande strekingar. Klima og miljø krev at me legg til rette for å frakta store mengder menneske inn og ut av dei store byane med bane. Bergen må også få si Inter City strekning, nemleg Bergen – Voss.

Bergensbanen 4 timar mellom Oslo – Bergen må realiserast. Det at me flyttar gods frå veg til sjø og bane gjev oss ein miljøgevinst, og er viktig for trafikktryggleiken ved at store trailarar vert tekne av vegen. Bergensbanen fraktar i dag ca. 55% av godset mellom Oslo og Bergen. Målet må vera å få dette talet opp i 80% igjen.

- K5, ny veg og bane mellom Bergen og Voss må få oppstart så raskt som mogeleg.

Forslag 39 - Sunnfjord AP

Innstilling:

Begrunnelse:

Sunnfjord Arbeidarparti krev at det vert utarbeidd ein eigen tiltakspakke for rassikring. Politikarane våre må arbeide aktivt for at rassikring vert prioritert.

Grunngjeving:

I desember 2019 vart det lagt fram nye tal fra Statens vegvesen om behovet og kostnadane for rassikring av raspunkt med høg og middels rasfaktor i Norge. Rapporten viser at behovet for midlar til rassikring av riks- og fylkesvegnettet er heile 70 milliarder kroner. Langt over halvparten av desse kostnadene er på fylkesvegnettet

I rapport utarbeidd av Vestlandsforskning i samarbeid med Statens Vegvesen heiter det m. a: «meir og kraftigare nedbør aukar faren for flaum og fleire typar skred medan havnivåauke truar kystnær infrastruktur» (s. 10-11 i rapporten) Rapporten analyserer utvalde vegstrekningar, den syner auka risiko for flaum, erosjon og ras.

Dette gjeld og vegar som er viktige for innbyggjarar i Sunnfjord kommune: RV5 frå Førde til Florø, FV 609 Førde/ Askvoll ved Hundsåna, og FV 610 Eldalsosen/ Sande ved Matbjøra (tunnel), Våtedalen og Skjerdsura på E39. Behov for utbetring og trygging av desse vegstrekningane er godt kjend over lengre tid, men med altfor små midlar vil det ta urimeleg

lang tid å få dei utbetra. Det handlar om busetting og utvikling av næringslivet, og om liv og helse til innbygarane våre.

- Klima i endring krev auka innsats for rassikring.

Forslag 40 - Sogndal Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Slik som det er i dag er det berre 4 av 10 ferjer som vert bygd i Noreg. Det vert ytt betydeleg støtte frå Enova til bygging av skip (i Asia) for

rederi som verken har norsk mannskap eller flagg. Sogndal AP ynskjer at ein må vektlegga aktivitet og utvikling i Noreg. Dei norske skipsverftaog leverandørindustrien er viktige for at me skal lukkast med det grønne skiftet, men då må me syta for at dei vert satsa på – mellom anna med

kontraktskrav i offentlege anskaffelsar. Ved byte til låg- og nullutsleppsferjer og båtar skal det vera ein kontraktskriterie om at ordna arbeidsforhold, HMS og EPD sertifisering skal ligga til grunn for bygginga av ferjemateriellet som skal inngå i kontraktane.

KLIMA OG MILJØ

Forslag 41 - Kvinnherad Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Det betyr ikkje at vi ikkje skal gå foran med gode miljøtiltak, men at ein må sikre økonomisk kompensasjon før innføring. Eit godt døme på dette er kor staten ikkje har følgd opp i forbindelse med elektrifisering av ferjeflåten, og fylkeskommunen ender opp med å måtte prioritere ned andre viktige samfunnsoppgåver som følge av dette.

- Vedtak om at miljøtiltak ikkje skal innførast, før teknologi og funksjonalitet er på plass.

Forslag 42 - Vik Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Leiting og boring etter olje i arktiske område er omstridt. Dei fleste kjenner til kva konsekvensane til utslepp i matfatet vårt kan føre til. I tillegg viser det seg at økonomien i utvinning av olje/gass i dette område er urovekkande.

- Arbeiderpartiet må ta ei vurdering på om vi i det heile skal drive olje/gass utvinning i sårbare område.

Forslag 43 - Arbeiderpartiet i Bergen

Innstilling:

Begrunnelse:

Et industrielt grønt skifte

Norsk industri og arbeidsliv står foran enorme omstillinger i det kommende tiåret. Norske utslipp skal kuttet dramatisk frem mot 2030, og nærme seg null i 2050. Å skape nye og bærekraftige arbeidsplasser byr på utfordringer som vil kreve alt vi har av kompetanse, entusiasme og innsatsvilje. Særlig her på Vestlandet, med så omfattende virksomhet i og rundt olje og gass-industrien, vil det bli ekstra krevende. En slik satsing vil ta stilling til satsinger innen havvind, fiskeri, bærekraftig oppdrettsnæring, økt lokal ilandføring, samt styrket foredling av naturressurser, lav og nullutslippstransport på sjø, andre marine næringer med foredling, kunnskapsklynger, samt overføring og/eller nyetableringer av offentlige forvaltningsorganer i Bergen og på Vestlandet.

- Arbeiderpartiet i Bergen vil bidra til å planlegge for og forberede gjennomføring av et grønt industrielt skifte i samarbeid med LO, slik at arbeidsplasser og næringsliv langs hele vestlandskysten kan opprettes, opprettholdes og styrkes i fremtiden. Vi vil nedsette et eget utvalg sammen med strategiske partnere for å utarbeide en strategi og et konkret handlingsprogram for dette arbeidet. Arbeiderpartiet i Bergen vil bidra til å planlegge for og forberede gjennomføring av et grønt industrielt skifte i samarbeid med LO, slik at arbeidsplasser og næringsliv langs hele vestlandskysten kan opprettes, opprettholdes og styrkes i fremtiden. Vi vil nedsette et eget utvalg sammen med strategiske partnere for å utarbeide en strategi og et konkret handlingsprogram for dette arbeidet.
- *Norsk eksport har stått på stedet hvil i nesten 20 år, mens verdenshandelen har doblet seg. Norge har den svakeste utvikling av alle OECD-land. Det er viktig å styrke eksporten i våre viktigste næringer. Norge trenger eksportinntekter for å finansiere velferd når inntektene fra olje avtar. Den planlagte sammenslåing av GIEK og Eksportkreditt bør lokaliseres til Vestlandet der næringskompetansen er, og fortrinnsvis til Bergen der flere eksportnæringer er etablert og som i tillegg har et sterkt finans- og forskningsmiljø.*

ENERGI

Forslag 44 - Alver Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Alver AP vil at skatteregimet på all fornybar energi må ha like rammevilkår og bidra likt til fellesskapet. Skattetrykket på vindkraft må hevast til nivået for vasskraft. Dette vil òg gjere det meir rekningsvarande og meir interessant å legge til rette for oppgradering og utviding av allereie utbygde vasskraftverk. Dette vil igjen gje mindre press på å byggje ned naturen ytterlegare.

- Alle utbyggingar av fornybar energi må tuftast på eit dokumentert positivt natur- og miljørekneskap frå oppstart til opprydding. Natur- og miljørekneskapen må tuftast på FNs berekraftsmål. Vindkraft på land Alver AP meiner at vindkraft på land ikkje skal vera ein vesentleg del av framtidig fornybar energiproduksjon. Alver AP ønskjer at det ikkje skal gjevast fleire konsesjonar for vindkraftprosjekt på land. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for å vurdere mindre vindkraftanlegg i allereie eksisterande industriområde. Vindkraft til havs Alver AP meiner satsinga på havvind må aukast og at offentleg eigarskap i havvindprosjekt må styrkast. Før havvindprosjekt til havs blir tildelt areal, må det òg utførast utgreiing og høyring av interessekonfliktar både i høve andre næringar og fagmiljø på marine interesser. Det skal som hovudregel ikkje gjevast arealtilgang i, eller i nærleiken av, kystsona.

Forslag 45 - Alver Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Konsesjonsprosessar ved vindkraftutbyggingar

Alver AP meiner at konsesjonsprosessen for kraftutbyggingar må endrast:

- Alle arealavklaringar skal vere avgjort på lokalt nivå før konsesjon kan gjevast.
- Alle utgreiingar av fordelar og ulemper må skje før konsesjon vert gjeven.
- NVE sitt konsesjonsvedtak må flyttast til slutten av fase 4 i dagens konsesjonsprosess.
- Det må etablerast standarar for å verdsetje ikkje-prisette konsekvensar og verdiar som skal brukast i vurdering mot økonomisk gevinst og behov for kraft.

Forslag 46 - Alver Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Energikommisjon

Det må etablerast ein energipolitikk som tar vare på norske arbeidsplassar og forbrukarar.

Det må òg avklarast kor stor rolle Norge skal ha som energiprodusent i ein internasjonal energimarknad.

- Alver AP ønskjer at det skal opprettast ein energi- og faktakommisjon som svarer på:
- Kva energimengd norske forbrukarar og norsk industri har behov for
- Kva produksjonsauke må Norge ha i høve utvikling av industri og samfunn
- Kva påverknad har eksport av energi på prisnivået i Norge
- Kva type utbygging/oppdatering vil vere rett i høve eit berekraftig perspektiv for natur og miljø
- Å leggje fram ein strategi for balansen mellom produksjon av fossil og fornybar energi

Forslag 47 - Kvam Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Elektrifisering av sokkelen med straum frå land tek seg godt ut i vår nasjonale utsleppsstatistikk, men sparar verda for lite eller ingenting av Co2-utslepp. Klimakrisa er for viktig og akutt til at nasjonen skal driva med slik suboptimalisering. Framføring av straum frå land til oljeinstallasjonane i Nordsjøen er svært kostbart, og kvar kWh kunne i staden vore nytta til produksjon av klimavenlege energibærarar som hydrogen eller ammoniakk på land. Havvinden som produserer straumen til installasjonane kan så levera straum til straumnettet når oljefelta vert tekne ut av produksjon.

- Vidare elektrifisering av sokkelen bør skje med havvind, ikkje med straum frå land.

Forslag 48 - Kvinnherad Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Arbeiderpartiet må leggje til rette slik at det blir økonomisk gunstig å oppgradere eksisterande kraftverk, slik at ein får meir straum ut i frå allereie utbygde anlegg. Dette vil ikkje gje nye naturinngrep, samtidig som det gjer ein stor auke i produksjonen av rein energi.

- Positiv til modernisering og oppgradering av kraftverk, også til småkraftutbygging.

Forslag 49 - Sogndal Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Ei studie utført av NTNU viser at ei opprusting og utviding av allereie eksisterande vasskraftverk kan gje like mykje straum som all planlagd vindkraft på land, tilsvarande mellom 22 til 30 terrawattimar (TWh). Ei slik opprusting vil medføra minimale naturinngrep. Opprusting av eksisterande vasskraftanlegg vert i dag skattlagt på ein slik måte at det ikkje vert lønsamt for kraftselskapa. Før ein planlegg nye vindkraftanlegg bør eksisterande vasskraftverk, som kan opprustast, få det same skatteregimet som andre fornybare energikjelder. Dersom det likevel vert naudsynt med landbasert produksjon av vindkraft for å nå måla i Parisavtalen, må dette vera basert på ein heilskapleg klimapolitikk. Av omsyn til samla belastning bør ny utbygging så langt som råd leggest i nær tilknytning til eksisterande anlegg. Me meiner likevel at Noreg bør finne klimatiltak som er mindre arealkrevjande og har færre negative konsekvensar. Ei eventuell vindkraftutbygging må ta omsyn til vertskommunane, der ordningar som naturressursskatt og konsesjonskraft på vindkraft bør innførast på lik linje som med utbygging av vasskraft. Desse kompensasjonsordningane må komma dei råka kommunane til gode. Miljø, transport og anleggsplanar må underordnast kommunale reguleringsplanar. Kommunen må få styre arealbruk i eigen kommune.

- Mot vindkraft på land. Sogndal Arbeidarparti er i mot vidare utbygging av vindkraft på land. Me meiner at inngrepa som skjer som følgje av slik utbygging øydelegg natur, artsmangfald og høve til rekreasjon. Omsynet til urørt natur, sårbare og truga artar og friluftsområde må vega tungt. I Noreg skjer kraftproduksjon i all hovudsak basert på fornybare kjelder, og særleg vasskraft. Vasskrafta har lagt grunnlaget for industriveksten i landet vårt. Forbruket og behovet for elektrisk kraft aukar.

Forslag 50 - Ullensvang Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Elektrifisering av sokkelen med straum frå land tek seg godt ut i vår nasjonale utsleppsstatistikk, men sparar verda for lite eller ingenting av Co2-utslepp. Klimakrisa er for viktig og akutt til at Noreg skal driva med slik suboptimalisering. Framføring av straum frå land til oljeinstallasjonane i Nordsjøen er svært kostbart, og kvar kWh kunne i staden vore nytta til produksjon av klimavenlege energibærarar som hydrogen eller ammoniakk på land.

Havvinden som produserer straumen til installasjonane kan så levera straum til straumnettene når oljefelta vert tekne ut av produksjon.

- Vidare elektrifisering av sokkelen bør skje med havvind, ikkje med straum frå land.

HELSE

Forslag 51 - Alver Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

I Arbeiderpartiets framlegg til nytt partiprogram for 2021 – 2025 er det foreslått å gi alle gravide rett på tidlig ultralyd (før uke 12) samt rett på utvidet foster diagnostikk. I tillegg er det foreslått å utrede eller avskaffe nemdsystemet for abort mellom uke 12 og uke 18. Disse endringene vil gi kvinner mer informasjon tidlig i svangerskapet og større rett til selvbestemmelse med hensyn til abort. Dette er en positiv utvikling, men vil også kunne sette flere familier i vanskelige situasjoner med tanke på om de skal velge å avslutte et svangerskap eller ikke. I den forbindelse er det bra at det er foreslått en gjennomgang og bedring ordningene for familier med barn med særskilte behov. Dette bør likevel settes i sammenheng med endringene i bioteknologi- og abortloven. I en situasjon hvor man har informasjon som tilsier at barnet man bærer kan eller vil komme til å ha behov for særlig oppfølging, hjelp og/eller omsorg, er det viktig at valget om å fortsette svangerskapet eller ikke, kan fattes med trygghet om at man vil få den støtten man trenger fra det offentlige.

- Endringer i bioteknologi- og abortloven må følges opp med vedtak som sikrer gode og lett tilgjengelige ordninger for familier med barn med særskilte behov. Informasjon og veiledning om disse ordningene må gjøres lett tilgjengelig for kvinner som ønsker det.

Forslag 52 - Gloppen Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Osteoporose er ein ganske vanlig sjukdom som rammer eldre, og kvinner spesielt. Ei kjent behandling av osteoporose er Kalsiumpreparat. I dag dekkes kalsium berre ved påvist kalsiummangel. Kalsiumpreparat dekkes elles ikkje verken som forebyggjande eller behandling av sjukdom. Dette er nedfelt i forskrift, og Gloppen AP ser det som ei særdeles urettferdig lovregulering. I utgangspunktet dekker ikkje folketrygdlova førebyggjande behandling. Samtidig opplever vi at dersom førebygging, eller forhindring av rask

progrediering av etablert sjukdom vert vurdert som samfunnsøkonomisk nyttig, så kan folketrygda å dekke det. Eine og aleine kan ein vurdere at kalsium er ei rimeleg behandling, men for dei det gjeld vil dette vere ei livsslang kostnad og eit tillegg til andre utgifter som kroniske sjukdommar fører med seg. Gloppen AP vil at Arbeiderpartiet kjemper for at kalsiumpreparat og kan dekkes etter blåreseptforskriften § 5-14, §2. Det skal ikkje være lommeboka som blir styrande for kva behandling ein skal ha.

- Dekke kalsium og kalsium m/D-vitamin, til behandling av og senke utviklinga av sjukdomen osteoporose, etter reglane om blåresept.

Forslag 53 - Gloppen Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Hjerneslag kostar samfunnet kvart år milliardar av kroner, og tid er avgjerande for utfallet for den slagamma. I dag er responstida 12 minutt i byane og 25 minutt i rurale strøk og ambulansar landet rundt står i fare for å forsvinne helt eller delvis fordi helseføretaka skal spare pengar. Dagens politikk heng ikkje saman når man på den eine sida – som er helt riktig og nødvendig – bruker millionar av kroner på å oppfordre alle til å ringe 113 ved symptoma på akutte tilstander. For så på den andre sida å spare ved å svekke beredskapen og redusere talet ambulansar man er avhengig av. Ei svekka akuttberedskap og reduksjon av tal ambulansar er verken god samfunnsøkonomi eller framtidsretta.

- Arbeiderpartiet krev lik responstid i heile landet. Alle har krav på likeverdige tenester uansett kor ein bur i landet.
- Responstid for ambulansetenesta må forskriftsfestast.

Forslag 54 - Høyanger Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Flåtestyring i grisgrendte område er ein del av Helse Førde sitt framlegg til ny prehospital plan. Dei tilrår å legge ned ambulansen i Lavik. Ambulansen i Lavik dekker eit område på begge sider av Sognefjorden, og er no einaste bilen som er att etter at Helse Førde kutta båt-ambulans på sørsida av fjorden, ambulansen i Balestrand, og snart sannsynlegvis også båt-ambulansen i Askvoll. Det er heller ikkje føreslått ei styrking av ambulansetenesta i Høyanger eller i Dale.

Ei flåtestyring av ambulansane i Dale og Høyanger mot Lavik og Leirvik i Hyllestad vil føre til auka potensiale for samtidskonflikt i Askvoll og Balestrand. Ein kan ikkje flåtestyre for å

kompensere for bortfall av ein stasjon midt i eit stort, grisgrendt område. Alle innbyggjarar har krav på forsvarlege helsetenester.

Rapporten antyder at ein kan spare 5 mill. på legge ned ambulansen i Lavik, men den same rapporten seier også at «konsekvensen av dei kostnadsreducerande tiltaka ikkje er tilstrekkeleg analyserte».

- Styrk ambulansetenestene i distrikta!

Forslag 55 - Høyanger Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Høyanger Arbeidarparti fryktar for framtida det offentlege behandlingstilbodet ved Helse Førde si avdeling på Tronvik. Tronvik er eit offentleg behandlingstilbod til rus og psykiatri, og viktig institusjon for Høyanger kommune. Dei tilsette ved Tronvik har over fleire år vore særskild aktive med å skaffe seg etter- og vidareutdanning, og dei arbeidar målmedvite for å rekruttere inn nøkkelpersonell til institusjonen. Tronvik har dei siste åra spesialisert seg innfor rusbehandling og rehabilitering. Institusjonen har opparbeida seg eit godt omdøme innan dette viktige fagfeltet. Dei tek imot pasientar frå Helse Vest og helse Bergen, som elles måtte ha kjøpt denne tenesta frå private og ideelle aktørar på Vestlandet.

- Sikre framtida til Tronvik psykiatriske behandlingsheim!

Forslag 56 - Sogndal Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Fleire unge har det svært vanskeleg under koronakrisa. På grunn av smitterestriksjonar vert dei avskorne frå sine sosiale liv på skule og i fritid. Over dei siste åra har det vore ei auke i born og unge med psykiske vanskar, under koronakrisa har auken vorte svært stor. Mange står utan arbeid og aktivitet, forskning viser at dette kan gje auka psykiske helseplager over tid. Det trengs eit krafttak for psykisk helse, og det trengs no!

- Sogndal arbeidarparti vil ha ei nasjonal satsing på born og unge si psykiske helse. Me vil ha fleire helsesjukepleiarar i kommunen og på skulane våre. Me vil ha øyremerka midlar til å styrke psykiatritenesta i kommunane. Helseføretaka må få auka ressursar til mellom anna BUP.

Forslag 57 - Stad Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Demensplan 2020 slår fast at vi har minst 80 000 personar med demens her i landet. Basert på tala i Demensplanen går det fram at berre 56% av personar med demens er utgreia og har fått ein demensdiagnose. Svært mange personar, får dermed ikkje eit godt nok tilrettelagt tilbod. Tal frå oktober 2018 viser at berre knappe 8000 personar hadde eit slikt dagaktivitetstilbod her i landet. Fleirtalet av dei demenssjuke bur heime, men etter kvart som sjukdomen utviklar seg vil dei trenge eit anna omsorgsnivå. Helse- og omsorgstenestelova pålegg kommunane å sørge for nødvendige helse- og omsorgstenester til alle som oppheld seg i kommunen, også personar med demens. Kommunane har motteke øyremerka midlar sidan starten på ordninga i 2012. Regjeringa vil no avvikle tilskotsordninga gjeldande frå 2020, og kommunane vil få heile ansvaret. Regjeringa legg opp til at det skal vere ei kommunal plikt å ha eit dagtilbod for demente, men ikkje ein rett slik den enkelte borgar har. Ein anstrengt kommuneøkonomi kan såleis føre til at mange kommunar berre legg til rette for eit minimum av dagaktivitetsplassar for heimebuande med demens, utan å dekke det reelle behovet. Dette er ikkje velferdsstaten Norge verdig, og noko Arbeidarpartiet må følgje opp.

- Stad Arbeidarparti meiner at alle heimebuande personar med demens skal ha ein lovfesta rett til å få eit tilpassa dagaktivitetstilbod. Kommunane skal ha ei plikt til å opprette og drifte slike tilbod. Kostnadene skal etter ein fast fordelingsnøkkel delast mellom stat og kommune. I tillegg skal alle personar med mistenkt demens ha rett på medisinsk utgreiing.

Forslag 58 - Stad Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Tilgjengeleg fagrettleiing til ambulant helse- og sosialfagleg-personell, raske innleggingar dersom naudsynt og tett oppfølging i kommunen av særskilt utdanna og egna tenesteytarar. Arenaer der personar med rusliding kan få dekkja tenestebehov og behov for sosial samhörighet. Stad AP meiner det er eit samfunnsansvar å etterstreve så god integrering som råd, også for personar som ikkje mestrar dei same belastningane som andre. Samfunnet må legge til rette for at sjølvhjelpsgrupper og brukarstyrte aktivitetar får bistand til å kunne fungere til det beste for dei som nyttar seg av tilbodet. Avkriminalisering er eit viktig ledd mot betre habiliteringsmoglegheiter, men det må arbeidast betre med grensegangen mellom politimynde og behandlingmoglegheiter – eit særskilt krevande juridisk felt, og det må verte eins reaksjonar i alle deler av Noreg.

- Stad Arbeiderparti meiner at parallelt med auka førebygging og tidleg innsats i rusfeltet, må moglegheitene til rask (re)hablivering leggjast til rette for. Dette må gjerast med eit systematisk fagleg samarbeid mellom NAV, kommune og BUP og DPS.

Forslag 59 - Voss Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

I følge helsenorge.no, er speleavhengigheit den negative sida ved pengespel. Ca 34 000 personar er speleavhengige i Noreg. Personar som er i risiko for speleavhengigheit er personar som mottar ei form for stønad, menn og personar med låg utdanning. Speleselskap lokkar spelaren med lukrative tilbod, som at du skal få dobbel valuta for pengane du investerer. På ulike tv- kanalar er det i reklamepausane gjentakande reklame frå speleselskapa. Personar som blir speleavhengige går langt i å få tak i pengar for å oppnå gevinstar. I nokre tilfelle gjer dei også kriminelle handlingar. I nokre tilfelle har speleavhengigheita gått så langt at personen får store psykiske utfordringar og tek sitt eige liv.

- Større kontroll på utanlandske bettingselskap.

Forslag 60 - Årdal Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

I forslag til nytt program har Arbeidarpartiet famna godt om psykisk helse og rusbehandling. Programmet inneheld mange gode tiltak som vil bidra til at dette område får det løftet som er etterlengta og nødvendig.

Som det kjem fram i forslaga er psykisk helse og rusbehandling eit omfattande område, og det krev eit godt kvalifisert tverrfagleg team både i tilnærming og i behandlinga. Difor er det gledeleg at eitt av forslaga Arbeiderpartiet vil styrkja er:

- Bygge ut ACT- og FACT-team over hele landet.

ACT – og FACT er ein tilnæringsmetode, ein nyare form for kognitiv adferdsterapi. Eit slikt team består av behandlarar med ulik fagleg bakgrunn, oftast som eit samarbeid mellom kommunal helse- og omsorgstenesta og spesialisthelsetenesta. Arbeiderpartiet ynskjer dermed å satsa på tverrfagleg kompetanse i behandling innanfor dette området. Årdal

Arbeidarparti føreset at kompetansehevinga skal gjelde alle relevante utdanningar innan psykisk helse og rusbehandling.

- Linje 2700 i programframlegget vert endra til:
- Auka kompetansen til dei som arbeider innan psykisk helse og rusbehandling.

TANNHELSE

Forslag 61 - Bremanger Arbeidarparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Tannhelsetenesta skal sjåast på som ein del av den ordinære helsetenesta, også når det gjeld betaling, eigenandel ved behandling og liknande. Eigenandel ved tannbehandling må leggest inn under Eigenandelstak 1 i Lov om folketrygd, på lik linje med lege, psykolog, spesialistpoliklinikk med meir.

Forslag 62 - Gloppen Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Per i dag er det 15 medisinske tilstander som gjev rett dekning av folketrygda for undersøking og behandling av tannskader. Disse 15 sjukdomstilstandane har høg alvorlighetsgrad og omfattar derfor eit minimum av menneske som slit med dårleg tannhelse.

Den allmenne tannhelsa er generelt bra. I Norge har vi gratis tannpleie/-behandling hos offentleg tannklinikk for barn til året dei fyller 18, og delvis dekning for unge til året dei fyller 20 år. Frå 21 år og resten av den vaksne alder må vi som hovudregel betale all tannbehandling sjølv. Unntaksvis, og når ein har opptent frikort, kan ein få delvis dekning for behandling, om ein har ein av dei 15 tilstandane som er opplista i forskrift.

Tannleger har fri prisfastsetjing. Det betyr at prisar for behandling er markedstyrt, med ulike prisar ut i frå tilbodet der ein bur. Med fri prissetting vil delen ein får dekt vere vesentleg lågare enn det ein faktisk betaler, og når ein har oppnådd frikort. Konsekvensane er at mange må prioritere vekk tannbehandling på grunn av lav inntekt kombinert med høge daglege utgifter. Når ein må prioritere vekk tannstell over tid fører det til dårleg tannhelse, som igjen kan føre til både somatiske og psykiske sjukdomar, og fordyrande behandling.

- Få fleire medisinske tilstander inn på lista over sjukdommar som gjev rett til refusjon av tannbehandling frå folketrygda.

Forslag 63 - Stad Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Ordninga med tannhelsetenesta er i dag djupt usosial og rammar hardt personar og familiar med låg inntekt, dårleg helse, barn som er utsette for overgrep med meir. I 2017 sende tannhelsetenesta 768 bekymringsmeldingar til barnevernet etter mistanke om overgrep eller omsorgssvikt. Den offentlege tannhelsetenesta er den einaste helsetenesta i Norge som kallar inn alle barn og ungdomar mellom 3 og 18 år til regelmessige undersøkingar. Alt helsepersonell har ved mistanke plikt til å melde frå.

- Stad Arbeidarparti meiner at tannhelsetenesta skal sjåast på som ein del av den ordinære helsetenesta, også når det gjeld betaling, eigenandel ved behandling og liknande. Eigenandel ved tannbehandling må leggst inn under Eigenandelstak 1 i Lov om folketrygd, på lik linje med lege, psykolog, spesialistpoliklinikk med meir.

Forslag 64 - Bømlo Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Tenner er viktig for ein god livskvalitet. Og det er viktig for god almenn helse. Dei seinare åra har til dømes samanhengen mellom tannhelse og hjarte-karsjukdomar blitt meir og meir tydeleg dokumentert. Det er og blitt meir og meir tydeleg at god tannhelse og bruk av tannhelsetenester heng saman med sosial status og inntekt. For mange er det for dyrt å bruka tannlegen, sjølv om det skulle vera stor trong for det. Denne utviklinga vert forsterka mellom dei eldre. Difor er tida inne for å likestilla tennene med andre deler av kroppen og innføra eit universelt tak for årlege kostnader med tannhelsetenester, på same måten som medisin og andre helsetenester.

- Det må koma på plass ei finansieringsform på tannhelde.

HAV OG FISK

Forslag 65 - Alver Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Fjern kvikksølv ved Fedje

På 150 meters djup, få kilometer vest for Fedje, ligg ubåten U-864 med 65 tonn flytande kvikksølv på ståflasker. Kjem dette kvikksølv ut i naturen vil det få katastrofale følgjer og vere ei krise for den norske havbruksnæringa.

Regjeringa hadde i utgangspunktet bestemt at vraket skulle dekkast til, noko som vil vere ei heilt uakseptabel løysing. Men etter godt lokalt arbeid, mellom anna frå aktørar med tung subsea-kompetanse, har regjeringa sett ned eit ekspertutval som skal komme med ei ny vurdering av dei alternativa ein har. M.a. skal utvalet vurdere korleis ny teknologi kan brukast for å kunne heve kvikksølvlasta eller vraket òg lasta. Det er no viktig at ekspertutvalet gjer ein god jobb og får lagt fram si vurdering i november. Men for oss i Arbeidarpartiet finns det berre ei akseptabel løysing på denne saka, og det er at mest mogleg av kvikksølv blir heva og fjerna.

- Vestland AP støtter Alver AP og mener at eneste løysning er at kvikksølv utenfor Fedje heves og fjernes.

Forslag 66 - Arbeiderpartiet i Bergen

Innstilling:

Begrunnelse:

Allmennhetens tilgang på fiske, den kulturelle arven og artene i seg selv er viktig å bevare. Tiltak i vassdragene våre kan hjelpe oss å holde bestander i live frem til truslene mot bestandene er borte. Miljødirektoratet har høsten 2020 lagt ut på høring en rekke vassdrag som de neste fem årene vil være stengt for fiske for allmennheten. Vi bør velge et vassdrag fra gamle Sogn og Fjordane og et fra Hordaland som kan brukes som forsøkselver for et virkelig krafttak for laks og sjøaure i vår region.

- Jølstra i gamle Sogn og Fjordane og et av Hardangers stengte vassdrag bør vurderes som forsøksprosjekt for å tilbakeføre lakse og sjøaurestammer som er desimert. Dette er vassdrag som vil de neste 5 årene vil være stengt for fiske, da har man anledning til å gjøre omfattende tiltak i vassdragene.

Forslag 67 - Arbeiderpartiet i Bergen

Innstilling:

Begrunnelse:

Norge har store ressurser i sine kyst- og havområder, som har betydelig potensiale for økt verdiskaping både innen eksisterende oppdrettsnæring og nye næringer. For vekst i

oppdrettsnæringen er det behov for nye marine fôringredienser som er bærekraftige i produksjon og som sikrer god fiskehelse. Olje og protein fra planter, er mest brukt i fiskefôr i dag og legger beslag på verdifulle landområder og kan være et hinder for ny vekst i sjømatsektoren. Et av de viktigste bærekraftsmålene fra FN er å redusere sult i verden, noe som norsk kompetanse og teknologi kan bidra med dersom vi utnytter kunnskapen og realiserer den.

- Arbeiderpartiet i Bergen vil: *Høste alternative marine ressurser og undersøke deres potensiale som mat og fôringredienser slik som blant annet mesopelagisk fisk, tunikater, skjell og alger. *Styrke det internasjonale samarbeidet innen havforskning for å bidra til økt kunnskap om marine ressurser og matsikkerhet. *Bevilge midler til å intensivere omlegging for anlegg på land og lukkede anlegg i sjø. *Raskere behandlingstid for FoU-konsesjoner, samt at man vektlegger de forsøkene som vil prøve ut fullskalaproduksjon i landanlegg eller lukkede anlegg i sjø.

Forslag 68 - Arbeiderpartiet i Bergen

Innstilling:

Begrunnelse:

Bioraffineri tar marine råvarer (som pelagisk og mesopelagisk fisk, restråstoff, tare, mikroalgar, skjell, tunikatar med meir) fram til ulike produkt som fôringrediensar, matingrediensar, farmasøytiske produkt, kjemikalier, material og andre produkt med eksportpotensial. Slike produkt kan òg bygge nye næringar i Noreg. For å lykkes med vekst i oppdrettsnæringa er det avgjerande å få tilgang på nye bærekraftige fôringrediensar, og det trengs enorme volum som ikkje kan komme frå meir beslaglegging av landjord (t.d. soya i Brasil). Vestlandet har fleire fordeler både i forhold til råstofftilgang, energitilgang og kompetanse, og kan bli leiande på teknologiutvikling for totalutnytting av marine ressursar ihht uttalte nasjonale strategiar. Ei marin satsing og etableringa av eit blått bioraffineri vil då vere eit viktig steg.

- Marin bioraffinerisatsing Bergen arbeidersamfunn ynskjer å satse på Bergen som byen og Vestland som fylket for marine næringar. Ressursane i havet er både vår mest tradisjonelle og mest framtidsretta næring. Vi skal halde fram med å hente velstand frå bærekraftig forvaltning av hausta og dyrka marine råvarer lenge etter at oljenæringa er avvikla. Det bør difor leggjast til rette for ei bioraffineri-satsing i Bergensregionen.

Forslag 69 - Austevoll Arbeiderparti

Innstilling:

Marin Forsøpling

Begrunnelse:

Storparten av næringane langs kysten er avhengig av havet. Marin forsøpling er eit aukande problem, både på land og til sjøs, og som må handterast med mange ulike tiltak. I tillegg til det store problemet med plast, er det også vesentleg forureining frå tauverk, garn og teiner etc. som blir liggjande på havbotnen. Dei siste åra har det vore stort fokus på strandrydding og fiskebåtar har delteke i «Fishing for litter»-ordningar. Ein kan i tillegg sjå for seg mogelege aksjonar med innsamling både på land og i sjø, og legge til rette for enkelt å levere søppelet gjerne med ei form for godtgjering. Det er nedfelt i Arbeiderpartiet sin politikk å støtta og stimulera desse ordningane, men her trengs enda meir målretta handling. Vestland Arbeidarparti bør ta initiativ til eit samarbeid med næringane for å skapa gode tiltak for å rydde opp og forhindra marin forsøpling. Dette er tiltak som også vil bidra til å skapa nye og spanande arbeidsplassar.

- Få i gang effektiv handterings av marint avfall langs kysten, og støtte utbygging av mottak.
- Gjera det gratis å levera marint avfall frå båtar. Eventuelt innføre økonomisk insentiv.

Forslag 70 - Bremanger Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

I Havvindrapporten frå 2010 har NVE peika ut områda langs norske-kysten som er moglege for utbygging av havvindkraft. To av desse områda er Frøyagrunnane utanfor Kalvåg og Olderveggen utanfor Bremangerlandet. Ei utbygging av dei to nemnde områda bekymrar lokale og regionale fiskeriorganisasjonar. Utredningsområda er nær land og for kystfiskeflåten blir dette rekna som dei viktigaste områda for fangst av vårgytande sild, makrell, sei, breiflabb og torsk. Ei etablering av havvind vil beslaglegge store og viktige fiskefelt og vil difor få svært store konsekvensar for fiskerinæringa.

- Fiskeri har stor betydning for busetting, sysselsetting, verdiskaping og næringsutvikling i Bremanger kommune. Det gjev både direkte og indirekte ringverknadar. Bremanger Arbeidarparti støttar fiskerinæringa og ønskjer ikkje ei utbygging av vindkraft i områda Frøyagrunnane og Olderveggen.

Forslag 71 - Osterøy AP

Innstilling:

Begrunnelse:

Det manglar ikkje på innspel til bruk av desse massane til samfunnsnyttige prosjekt både i inn og utland. Vidare kjenner ein ikkje alle konsekvensane for eit allereie belasta, og svært sårbart fjordsystem, ved å deponera massane i fjorden. Det er allereie vedteken politikk i Vestland Arbeiderparti å sei nei til fjorddeponi. Likevel er det viktig å tydeleg markera standpunkt i dette konkrete prosjektet.

- Vestland Arbeiderpartiet motset seg at tunnelmassar vert deponert i sjø. Me ynskjer å setja krav til at alle massane frå K5 vert nytta til samfunnsnyttige formål.

ASYL OG FLYKTNINGEPOLITIKK

Forslag 72 - Arbeiderpartiet i Bergen

Innstilling:

Begrunnelse:

Papirløse er personer som har fått avslag på søknad om opphold i Norge, men som staten ikke kan tvangsreturnere, eller mennesker som befinner seg utenfor asylprosessen. Felles for de to gruppene er at de har svært begrenset med rettigheter i det norske samfunnet. Dette gjør at de papirløse at har stor sårbarhet for å bli utnyttet av kriminelle. Derfor må det, både av hensyn til den enkelte og samfunnet som helhet, sikres offentlig finansiert helsehjelp til papirløse. Videre må de papirløse gis anledning til å arbeide lovlig og betale skatt. Det finnes en rekke ulike årsaker til at personer oppholder seg i Norge uten godkjente papirer. Noen av disse årsakene ligger utenfor den enkeltes kontroll, og kan dreise seg om manglende returavtaler eller manglende reisedokumenter. Antallet mennesker uten lovlig opphold i Norge er ikke kjent. Anslagene varierer mellom drøye to og 18 tusen (SSB/NOAS). Det er et åpenbart mål at antallet papirløse bør være minst mulig, og det bør derfor gis et engangsamnesti til de som har vært lengst.

- Papirløse må få helsehjelp på samme nivå som asylsøkere. Dette innebærer blant annet rett til fastlege.
- Papirløse må gis midlertidig arbeidstillatelse og plikt til å betale skatt på lik linje med andre innbyggere.
- Papirløse, uavhengig av deres alder, som har oppholdt seg i Norge sammenhengende mer enn 7 år bør gis et engangsamnesti.

Forslag 73 - Arbeiderpartiet i Bergen

Innstilling:

Begrunnelse:

Arbeiderpartiet bør stå for en rettferdig og konsekvent flyktningepolitikk. Vi har et solidarisk ansvar overfor mennesker på flukt og belastningen andre europeiske land opplever på grunn av et dysfunksjonelt samarbeid om flyktninger i EU. Begrensning som foreslås i retten til familiegjenforening kan bryte med menneskerettighetene. I august sendte regjeringen forslag til beredskapshjemmet ved økte asylankomster på høring. Personer som har krav på beskyttelse etter andre menneskerettskonvensjoner enn Flyktningkonvensjonen skal ifølge forslaget få en egen status, subsidiær beskyttelse, med to års utsatt rett til familiegjenforening. Utlendingsdirektoratet (UDI) skrev i sitt høringssvar at dette i den enkelte sak kan bryte menneskerettighetene. Den svenske Migrationsöverdomstolen konkluderte at det var et brudd på Den europeiske menneskerettskonvensjonen å nekte en syrisk gutt med subsidiær beskyttelse å bli gjenforent med sine foreldre. Den europeiske menneskerettsdomstolen har til behandling en sak om den danske bestemmelsen om at personer med subsidiær beskyttelse må vente i tre år før familiemedlemmer kan søke om gjenforening. FNs høykommissær for flyktninger (UNHCR) understreker at barns rett til familieliv ifølge barnekonvensjonen er særlig beskyttet, og at å utsette retten til familiegjenforening vil være i strid med regional og internasjonal lov.

- Sørge for at alle flyktninger som oppholder seg i Norge, har rett til nødvendig helsehjelp.
- Ha som utgangspunkt at Norge skal være en del av en eventuell avtale i EU om en byrde fordelingsmekanisme som innebærer at asylinnvandringen fordeles bedre mellom land i Europa og sikrer rettssikkerhet for asylsøkerne
- FNs høykommissær for flyktninger sine anbefalinger skal være minimum for norsk flyktning- og asylpolitikk.
- Prioritere barnefamilier og personer med funksjonsnedsettelse gjennom kvoteflyktning ordningen.

Forslag 74 - Kinn Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Brannen i Moria leiren synte igjen at situasjonen er prekær for flyktningane. Dei lever under inhumane forhold, med manglande sanitærforhold og ei svært usikker framtid. 50 flyktningar frå Moria leiren, som ein av mange leirer, monner lite. Norge bør ta inn fleire flyktningar, og være ledande i koalisjonen av europeiske land som bidrar til rettssikkerhet. Det er viktig at vi nå syner solidaritet med både flyktningane og greske myndigheter i denne

vanskelige situasjonen. Kinn Kommunestyre vedtok desember 2020, å ta imot 40 flyktningar på kort varsel, utover de 34 som allereie er vedtatt å busette. Dette vedtaket slutter seg til liknande vedtak i kommunar i heile landet, som ynskjer å syne sin solidaritet med menneske på flukt. Det er meir enn 5000 einslege mindreårige born, berre i Moria leiren. Borna og dei mest sårbare bør prioriterast blant dei 500. Koronasituasjonen har ført til at antal asylsøkarar har gått betraktelig ned under pandemien. Asylprognosen har gått frå 3000 til 1200 i 2020 grunna koronasituasjonen ifølge UDI – vi har altså kapasitet. Norge kan her syne eit internasjonalt leiarskap i den ekstraordinære situasjonen som pandemien utgjør. Vi kan bidra til at dei europeiske landa tar eit felles ansvar. Vi kan ikkje hjelpe alle, men vi har òg ei moralsk forplikning til å gjere det vi kan.

- Vestland AP krev at Norge tar imot 500 flyktningar frå Moria leiren i 2021 for å vise solidaritet og bidra til å avlaste den akutte situasjonen i leirane i Europa som er blitt, om mulig, endå verre under Covid19 pandemien. Dette vil være i tillegg til de 3000 kvoteflyktningane som er fastsatt for 2021. Vestland AP krev i tillegg at Norge aukar nærhjelp tiltak i leirene i mottakslanda (solidaritetspott).

Forslag 75 - Øygarden Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Øygarden Ap ønskjer ikkje at Arbeidarpartiet skal gå inn for innstramming av asylpolitikken. Signala Ap nettopp gav i media om at dei saman med Sp og Frp går inn for innstramming av asylpolitikken er trist og ikkje akseptabelt for eit parti som vil verna om dei svake og sårbare menneska i samfunnet vårt. Det er spesielt tre saker i asylpolitikken som er opprørande: a) Eldre ureturnerbare flyktningar: Departementet arbeider med ei forskrift med ei eingongsløysing for eldre ureturnerbare asylsøklarar, som det står om i Granavoldplattforma. Dette er ei lita gruppe som har ein sjanse til å få opphald i følge kriteria, men forskrifta er ikkje ferdig og dei kan derfor ikkje søkja om opphald. Justisdepartementet skuldar på koronaen, men kor lenge skal koronaen få skulda for treig sakshandsaming? b) Barn og familiar: Barn som har budd her heile livet blir sendt ut utan omsyn og blir straffa for kva foreldra kan ha sagt då dei kom hit som flyktningar. Det burde vere ei grense for kor strenge straffar dei skal gi for ei nødløgn.. Vi høyrer om lokalsamfunn som er fortvila og slår ring rundt familiar som skal sendast ut. c) Familiar blir splitta, der den eine forelderen som ikkje oppfyller kriteria for opphald, blir kasta ut. Skal ikkje Ap ta vare på og verna om familiar?

- Ap burde ikkje slå seg saman med dei partia som ønskjer å stramma inn asylpolitikken. Dette er ikkje Ap verdig.

SKOLE

Forslag 76 - Arbeiderpartiet i Bergen

Innstilling:

Begrunnelse:

ENDRING AV MORSMÅLSOPPLÆRINGEN

Mange elever i med annet morsmål enn norsk faller fra i videregående skole. Grunnen er at de mangler et godt nok fundament i sitt morsmål. For å forså norsk på et litt avansert nivå trenger man et solid fundament i morsmålet. Det er særlig forståelsen av abstrakte begreper som blir mangelfull.

Arbeiderpartiet i Bergen ønsker at man går tilbake til den ordningen som gjaldt til midt på 1990-tallet, dvs. at man gir morsmålsopplæring i morsmålet og ikke bare på morsmålet. Opplæring på morsmålet er en god støtte for elevene for å forstå andre fag, men den må ikke gå på bekostning av morsmålsopplæringen.

- Vi foreslår at man gjeninnfører opplæring i morsmålet.

Forslag 77 - Bjørnafjorden Arbeidarparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Mange elevar som skal velje studieretning etter ungdomsskolen vert svært skuffa då det ikkje er mogleg å velje ei yrkesfagleg utdanning med toppidrett som valfag, slik som det finnes på Stend med studiespesialiserande. Dette fører til at mange elevar pressast over i studielinjer sjølv om ein eigentleg vil gå yrkesfag. Idretten er svært viktig for mange, og det er berre rett og rimeleg at yrkesfagelevar skal få same moglegheit til å utøve idrett som elevar på studiespesialiserande.

- Arbeidarpartiet vil innføre ei toppidrettslinje med ei yrkesfagleg retning, etter modell frå toppidrett på studiespesialiserande linjer.

Forslag 78 - Høyanger Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

23.11.2020 vedtok Vestland fylkeskommune Mål og strategiplan for vidaregåande opplæring i Vestland 2021-2025; «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring». Denne planen skal vere grunnlag for prioriteringar i budsjett- og økonomiplanperioden.

Gjennomføring i vidaregåande opplæring krev at ein har fokus på tiltak som ein veit har effekt! Nokre av tiltaka er førebyggjande og går på å styrke skulehelseteneste og trivselsfremjande tiltak. Fråfallet er størst på yrkesfaglege utdanningsprogram. Av 2013-kullet i Hordaland og Sogn og Fjordane fullførte berre 66,2% av elevane i Hordaland yrkesfag. Talet for Sogn og Fjordane var på 75,2%. Korleis sikre at elevane i Vestland fylkeskommune gjennomfører vidaregåande opplæring med sluttkompetanse? I Sogn og Fjordane har alle skulane hatt arbeidslivskontakt på mellom 30-70% alt etter tal utdanningsprogram ved skulen. Arbeidslivskontakten har aktivt arbeidd for å styrke samarbeidet mellom skulen og bedrift. Det har vore eit mål at alle elevar skal ut i praksis i bedrift. Denne ressursen er no under press, og Arbeidarpartiet må gå inn for å sikre at arbeidslivskontaktane sitt arbeid vert vidareført i tråd med intensjonen i den nye strategiplanen. Det må vere samanheng mellom mål, strategiar og vilje til å styrke dei verkemidla som ein veit fungerer! Vestland må ha som mål å bli best i landet på gjennomføring!

- Opplæringa i Vestland fylkeskommune skal bli best på gjennomføring ved å satse vidare på arbeidslivskontakten!

Forslag 79 - Kvinnherad Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Vestland Arbeidarparti vil arbeida for auka satsing på kunnskap, læring, kompetanse og utdanning for alle som ønskjer det. Derfor er studiesenteret i Kvinnherad viktig å oppretthalda i forhold til næringsliv og lærlingplassar. Ap støttar også opp om det planlagde realfagkonseptet Newton-rommet ved Hydro Husnes. Kvinnherad Vidaregåande skule er viktig for bl.a. teknologi- og industrifag ved Hydro bedrifta.

Forslag 80 - Stad Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Det er urovekkjande og trist at Venstre og Solberg-regjeringa no ynskjer å fjerne nærskuleprinsippet, som vert nytta i dei fleste norske fylka i dag. Skulen skal vere noko meir enn eit karakterjag, der elevane berre stressar for å oppnå best mogleg karakterar i ei allereie krevjande tid då dei både skal finne ut kven dei sjølve er og dei skal få halde på med ulike aktivitetar. Eit resultat av ein reint karakterbasert inntaksmodell vil kunne vere reine A- og B-skular, og vil vere negativt for fellesskulemodellen vår. Vi kan ikkje stille oss bak ein modell der fylka sine demokratiske valde organ ver overkøyrde, der eit resultat av regjeringa

sin skulepolitikk vert ein meir delt skule. Det handlar om trygge rammer, gode oppvekstvilkår og ein skule som er der for alle elevar; ikkje berre dei med høgast karakter. Lat oss ikkje oppmuntre til eit enda større karakterpress, lat oss halde på nærskuleprinsippet.

- Stad Arbeidarparti krev vern om nærskuleprinsippet.

Forslag 81 - Stad Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Dagens grunnskule har for dårleg og for lite bruk av nynorsk. Arbeidarpartiet må sikre at elevane vert meir eksponert for nynorsk, og at lærarane sit på god nok kompetanse i nynorsk, slik at elevane våre får gode opplevingar i norskfaget og sit att med god nynorskkunnskap. Mange nynorskbrukarar i høgare utdanning vert òg diskriminert og får ikkje rettane sine oppfylt.

- Stad Arbeidarparti vil sikre gode levekår for nynorsken og legge til rette for meir bruk av nynorsk i grunnskulen, og ikkje berre i norskfaget. Vi vil sikre rettane til nynorskbrukarar i høgare utdanning, og innføre eit kompetanseløft for nynorsk i lærarutdanninga. Vi vil også sikre at alle offentlege organ nyttar nynorsk, i område der nynorsk er offisielt språk.

Forslag 82 - Stryn Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Vi er godt nøgde med vedtaket i vårt eige fylke. Karakterbaserte opptak er ei uheldig ordning. Å sikre at alle elevar får rett til å gå på nærskulen sin dersom dei ønskjer det, er eit viktig grep for å halde fast på ein desentralisert skulestruktur. Dette meiner vi må gjelde i alle fylke.

- Stryn Ap ber Vestland Arbeidarparti om å medverke til at fylka får mynde til å definere inntaksregionar og at nærskuleprinsippet vert grunnleggande prinsipp for inntak til vidaregåande skular i heile landet.

Forslag 83 - Stryn Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Programdokumentet vårt presiserer at desentralisert høgskuletilboder viktig, men vi ønskjer ei spissa formulering der det lokale næringslivet og kommunane må få større innverknad på satsinga ute i distrikta. Med dei digitale plattformene som er tilgjengelege, bør det vere muleg å gje høgskuleutdanning nær der folk bur. Gamle Sogn og Fjordane har gode erfaringar med desentralisert kompetansebygging der tett samarbeid, med høgskulen som leverandør og kommunane/regionane som bestillarar, har gitt gode resultat innafor t.d. helse og opplæring.

På same måten kan næringslivet involverast som «bestillarar».

For vårt område er særleg høgskuleutdanning innan reiseliv eit naturleg satsingsområde.

- Samarbeidet mellom vidaregåande opplæring, Fagskulen, Universitetet og Høgskulen må styrkast og utviklast. Arbeidarpartiet må framheve kompetansebehov i alle delar av landet. Det må leggest til rette for at universitet og høgskular kan tilby desentralisert høgare utdanning i dei lokale regionane som har særlege behov for kompetanse, og som ber om utdanningstilbod. Dette gjeld mange fagområde.

Forslag 84 - Sunnfjord Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Då fylkeskommunen utvida tilbodet om skulefrukost til dei tidlegare skulane i Sogn og Fjordane, vidareførte ein finansieringsløyisinga med 2,5 kroner per elev per skuledag. Dette er ikkje ein tilstrekkeleg sum for at alle elevane skal få tilbod om skulefrukost. Dei vidaregåande skulane i Sunnfjord kommune, Hafstad og Mo og øyrane, tilbyr mellom anna berre mat enkelte dagar i veka til eit sterkt avgrensa tal elevar. Busstilbodet er også organisert på ein måte som gjer til at når elevane kjem fram til skulen, så er det også så tett opp mot første time at frukosten er teke vekk. Ein må difor organisere tilbodet på ein slik måte at alle får ein reell moglegheit til å bruke det ved å anten opne for at ein kan ete litt ut i første time eller at bussen kjem noko tidlegare fram.

- Auking av støtte frå fylkeskommunen til skulefrukosten Auke stønaden skulane får til å tilby frukost og moglegheita elevane har til å bruke det.

Forslag 85 - Sunnfjord Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Grunngjeving: Lekser er ei underfinansiering av skulen. For å motverke sosiale skilnadar må ein få tilstrekkeleg lærartettheit slik at læringsmåla kan nåast utan bruk av lekser.

Skulen skal vere ein arena for personleg og samfunnsmessig utvikling, der alle barn vert tekne på alvor og alle skal ha like føresetnader for å lykkast. Organisering av skulen kan både skape og reprodusere sosiale skilnader. Mellom anna aukar lekser faglege og sosiale skilnader mellom ulike sosioøkonomiske grupper. Det same gjeld for deltaking i fritidsaktivitetar. Barn og ungdom frå høgare sosioøkonomiske grupper deltek oftare i organiserte fritidsaktivitetar enn dei frå lågare. Skeiv sosial rekruttering skjer både på grunn av kultur og økonomi. Dei organiserte fritidsaktivitetane tilbyr ein arena for å møte andre born/ungdom og utvikle ferdigheiter. Dei kan òg fungere som læringsarena for identitetsutvikling og demokratiforståing. Dette vil i tillegg lette kvardagen for mange føresette som brukar mykje tid på å skyssje born mellom ulike aktivitetar, og det vil føre til mindre biltrafikk samla sett. Borna må få eit sunt og godt måltid midt på dagen, slik at dei held oppe læreevne heile dagen. Skulemåltid vil og vere eit stort og viktig tiltak for å betre folkehelsa og utjamne forskjellar mellom samfunnslag.

- Heildagsskule Arbeidarpartiet må sette i gang arbeid for å gjere den den norske grunnskulen til ein heildagsskule. Skulemåltid og fritidsaktivitetar må inn i skulen for å sikre like moglegheiter for å delta, og læringsmål må nåast utan bruk av lekser. Dette kan berre løysast gjennom ein heildagsskule. I første omgang bør det gjennomførast som forsøksprosjekt i ulike deler av landet.

Forslag 86 - Årdal Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

JA TIL NASJONALT KRAV TIL MILJØTERAPEUTAR I SKULESEKTOR. Vestland Arbeiderparti skal arbeide for at det vert lovpålagt med miljøterapeut i skulen i samband med at det skal kome ei ny Opplæringslov. Opplæringslova må vere tydelegare på krav om at det skal tilsettast barnevernspedagogar, sosionomar og vernepleiarar i grunn- og vidaregåande skule og at dette må lovfestast.

Forslag 87 - Voss Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Kunnskapsløftet legg vekt på grunnleggande ferdigheiter og elevprestasjonar. Talet på elevar som får undervisning utanfor normalskulen har auka med 10 prosent dei siste fem åra, og forskarar er bekymra. I skuleåret 2020 - 2021 får 6237 grunnskuleelevar undervisning i alternativ opplæringsarena, eller i eigne faste avdelingar for spesialundervisning.

Forskarar ser på utviklinga med stor bekymring, og at det er ei utvikling i feil retning. Auka fokus på skulefaglege prestasjonar vert sett på som ei av årsakene for denne utviklinga. Den stramme økonomien i skulesektoren kan vera ei av hovudårsakene til at elevar som elles kunne fått tilrettelagt opplæring vert overførte til spesialundervisning, som det einaste alternativet for skular og kommunar i ein pressa økonomi (i flg. professor i psykologisk psykologi Terje Ogden).

Både elevar som får spesialundervisning i eigne timar og grupper, og lærarane er dei store taparane slik situasjonen er no. Lærarane manglar både ressursar, kompetanse og eit fagleg støtteapparat til å meistre utfordringane (i flg. professor i psykologisk psykologi Terje Ogden). Midlane til skuleverket er i all hovudsak bundne opp til talet på elevar i klassane (jf Lærarnormen). Mange av tilboda som i dag vert gjevne til dei som får undervisning utanfor normalskulen, omfattar i stor grad elevar med åtferdsvanskar. Og langt fleire gutar enn jenter. Det fins lite rom for førebygging og tidleg innsats når ressursane er bundne opp til elevtalet, og i mindre grad til kva elevmasse ein har.

- Det må arbeidast for at fleire elevar får vera ein integrert og inkludert del av normalskulen.

ARBEID

Forslag 88 - Arbeiderpartiet i Bergen

Innstilling:

Begrunnelse:

ARBEIDSMILJØLOVEN MÅ STYRKE ARBEIDSTAKERES RETTIGHETER VED HJEMMEKONTOR

Under koronapandemien har mange bedrifter og ansatte fått erfaring med å ha hjemmekontor, og det kan bli mer vanlig i fremtiden for jobber som ikke krever fysisk tilstedeværelse. Hjemmekontor skaper fleksibilitet, men medfører også en fare for utvisking av forskjellen mellom arbeid og fritid.

Dagens regler er fra 2002 og bør oppdateres. Hjemmekontor skal i utgangspunktet være frivillig og ha en god begrunnelse. Vi har ikke regler for når det ikke er frivillig slik som under pandemien. Arbeidsmiljøloven, arbeidsavtalen og eventuelle tariffavtaler gjelder i utgangspunktet også ved hjemmekontor. Uansett bo- og familieforhold gjelder kravet om forsvarlig arbeidsmiljø. Hvilke ansvar har arbeidsgiver for tekniske løsninger, kontorutstyr, mobiltelefon, bredbånd og annet nødvendig utstyr? Hva med yrkesskade og skatteregler?

- Hjemmekontor gir økt fleksibilitet og vil bli mer brukt også etter pandemien. Arbeidsmiljøloven bestemmelser om hjemmekontor må derfor oppdateres for å

ivareta arbeidstakers rettigheter både ved frivillig og pålagt hjemmekontor som følge av myndighetsbestemmelse.

Forslag 89 - Arbeiderpartiet i Bergen

Innstilling:

Begrunnelse:

Når AP nå går inn for å rulle tilbake New Public Management er det viktig å sikre at dette også skjer på jernbanen, hvor NPM har ført til en oppsplitting og ansvarspulverisering som hindrer god jernbanedrift. Jernbanen sliter med stykkprisfinansiering, bestiller/utfører-modell og internfakturering som er kostnadsdrivende og ineffektivt. I tillegg kommer det som kjent ganske store mengder med direktører og konsulenter som skal ha sitt. Summen av dette gjør at milliardene som bevilges til jernbane ikke kommer til full nytte, og vedlikeholdsetterslep på både tog og infrastruktur forblir vanskelig å ta igjen. Derfor mener Fagbevegelsens partilag at AP må gå inn for det Norsk Jernbaneforbund har vedtatt, nemlig at norsk jernbane samles i en integrert og sentralstyrt modell.

- Fjern New Public management på jernbanen: AP bør tilstrebe en samlet og integrert jernbanemodell slik at pengene som bevilges blir brukt til infrastruktur og togfremføring i stedet for å gå til oppsplitting og byråkrati.

Forslag 90 - Sogndal Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Arbeidsliv

Sogndal AP meiner at det bør leggast sterkt til rette for at bedrifter, offentlege institusjonar og arbeidsplassar vert plassert utanfor dei store byane. Sogndal AP ynsker eit levande Distrikts-Noreg. For å få til eit levande Distrikts-Noreg treng me arbeidsplassar i heile landet. Ein bør jobba for å flytta arbeidsplassar bort frå den sterkt sentraliserte Osloregionen. Når nye offentlege stillingar blir oppretta bør dei liggast ut i distrikta, samt at vakante stillingar i størst mulig grad blir flytta frå byane og ut i distrikta . I Vestland fylke bør Sogn vera eit av regionsentera som blir høgt prioritert. Sogn har vist seg å vera ein stad det er lett å rekruttera høgt kvalifiserte personar, både til det private og offentlege. Skal distrikta bli sterkare, trengst det arbeidsplassar. Folk vil bu der det er arbeidsplassar. Det er interessante arbeidsplassar som trekkjer folk til ein plass, ikkje om det er by eller bygd. I den seinare tid har me sett at folk ynskjer å koma seg bort frå byane, då må me leggja til rette for det, via ein aktiv og målretta distriktpolitikk.

- Sogndal AP meiner at det bør leggest sterkt til rette for at bedrifter, offentlege institusjonar og arbeidsplassar vert plassert utanfor dei store byane.

Forslag 91 - Stad Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Gode og trygge oppvekstvilkår er viktig for trivsel, tryggleik og utvikling. Barn og unge som vert berørte av fattigdomsproblem opplever i større grad utestenging frå felles arenaer og kan oftare oppleve vanskar seinare i livet, td på skule og i arbeidslivet. Tal frå SSB viser at antal barn som lever i familiar med vedvarande lavinntekt har auka betydeleg dei siste om lag 15 åra. Arbeidarpartiet har som sitt overordna mål at «alle skal med». Difor må vi også ta eit ekstra ansvar for desse barna. Det kanskje aller viktigaste handlar om at foreldre i lavinntektsfamiliar kan komme i vedvarande inntektsgivande arbeid. I tillegg kjem fokus på sosial inkludering i barnehage og skule samt på fritid i samarbeid med frivilligheten. Det trengs tettare oppfølging av barn og ungdom som står utanfor skule og arbeidsliv. Og det trengs tettare samarbeid mellom ulike hjelpeinstansar. Dette ansvaret må Arbeidarpartiet ta.

- Stad Arbeidarparti meiner at innsatsen må aukast for å bekjempe barnefattigdom. Fellesskapet må stille opp, slik at alle barn kan få likeverdige muligheter, uavhengig av foreldre sin arbeidssituasjon, økonomi, helse med meir.

Forslag 92 - Sunnfjord Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Dagens A-krim har ikkje Statens vegvesen som deltakar. Statens vegvesen kontrollerer tusenvis av køyretøy årleg, og har god oversikt over kva som er stoda innanfor transport på veg når det gjeld lovbrøt. Med tverretatleg kontrollteam, vil det bli meir effektiv kontroll, og dei som driv ulovleg og øydelegg for seriøse aktørar ville bli plukka ut. Dette ville styrke både dei seriøse aktørane i marknaden, og sjåførane. I tillegg er det grunn til å tru at også trafikktryggleiken vil bli betra.

- Styrk innsatsen mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Sunnfjord Arbeiderparti ser det som viktig å styrke innsatsen mot sosial dumping. Vegtransport er eitt av områda som må følgast betre opp. Sunnfjord Arbeidarparti meiner det må opprettast kontrollteam lokalt i heile Norge der Politi (UP), NAV, Arbeidstilsynet, Tollvesenet, Skatteetaten og Statens vegvesen deltek. Statens vegvesen må takast inn som deltakar i dagens A-krim.

Forslag 93 - Sunnfjord Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Vi ser at trongen for å styrke og bygge ut tilboda er krevjande både med tilbod av plass og behandling, og med å skaffe kompetent personell. Vi vil arbeide for å betre rekruttering, fleire lærlingplassar og etterutdanning av personell som ønskjer det. Kommunen er vidstrakt og difor er transportbehovet stort når ein skal nytte seg av dagtilbod; særleg om ein ønskjer at brukarar og pasientar skal kunne bu heime lengst mogeleg.

- Auka bemanning på omsorgsinstitusjonane og i heimetenestene Sunnfjord Ap set auka bemanning på omsorgsinstitusjonane og i heimetenestene som fremst i sitt politiske arbeid! Demensomsorga skal styrkast! Eit mål er å auke dagtilbodet i heile kommunen og få til fleksible løysingar for transport.

Forslag 94 - Vik Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

I løpet av den seinare tid har Wizz-air freista å etablere seg i den innanlandske marknaden. Wizz-air bryt med Arbeidsmiljølova og let ikkje dei tilsette organisere seg.

- Vik AP oppmodar medlemene i Arbeiderpartiet om å boikotte Wizz-air.

Forslag 95 - Voss Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Digitalisering blir brukt som eit argument for å leggja ned statlege arbeidsplassar i distrikta. Arbeiderpartiet må leggja til rette for digital infrastruktur som gjer det mogeleg å oppretthalde, men også skapa nye arbeidsplassar i distrikta. Pandemien har vist at det er fullt mogeleg å arbeide på digitale plattformer i distriktet.

- Digital infrastruktur skal leggja til rette for statlege arbeidsplassar i distrikta.

Forslag 96 - Voss Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

For å få yrkesskadeerstatning må skaden godkjennast som yrkessjukdom som har oppstått i arbeid, på arbeidsstaden og i arbeidstida. Det er ei rekke krav som må oppfyllest. Forskrifter gir i tillegg eksempel på situasjonar som skal likestillast med yrkesskade. I samband med koronakrisa, kjem det no fram at mellom anna personell som arbeider på laboratorium, sjukehus, legekontor og andre helsearbeidsplassar naturleg er omfatta av slike reglar. Det er usikkerheit om dette vil omfatta alle som kan verta smitta på arbeid.

- Voss Arbeidarparti meiner at alle tilsette som vert definerte som samfunnskritisk personell, og som me som samfunn forventar skal gå på arbeid og vert utsette for særleg smittefare i arbeidssituasjon, må dekkast av yrkesskadeordninga under pandemien.

INDUSTRI

Forslag 97 - Bjørnafjorden Arbeidarparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Tilgong til kraft/straum er no blitt ein «showstoppar» for å sikra etablering av ny industri og auka antall arbeidsplassar fleire stadar i verdiskapingsfylket Vestland. Det må skje eit kraftig taktskifte i utbygging av infrastruktur for å sikra framføring av straum i fylket. Lyseparken i Bjørnafjorden kommune er eit stjerneeksempel på utfordringar som no kan oppstå på grunn av mangel på nok straumtilførsel. Vi må sikra utvikling og vekst av både etablert og ny industri, då må det skje store endringar i utbyggingstakta på energiframføring slik at ein evnar å ta det grønne skiftet,- og sikra norske arbeidsplassar.

- Sikra tilgong til nok straum/kraft Sikra tilgong til nok straum/kraft for å kunna utvikla både etablert og ny industri/næringsområder i Vestland fylke. Det må skje eit raskt og kraftig taktskifte i utbygging av infrastruktur for å sikra kraftforsyning til vekst, utvikling og nye arbeidsplassar.

Forslag 98 - Hyllestad Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

I dag er det mange norske verft som ikkje kvalifiserer for legge inn anbud grunna mangel på eigenkapital. Mange verft slit økonomisk grunna ein tøff marknad med hard konkurranse både nasjonalt og internasjonalt, pandemi og ustabil verdsøkonomi med flyktige prisar hjå underleverandørar. Verftsindustrien er viktig for heile kysten vår og gir direkte eller indirekte mat på bordet for svært mange familiar. Ofte er dette hjørnesteinsbedrifter i små lokalsamfunn, samtidig som dei representerer kompetansearbeidsplassar som kan vere med på å bidra til det grønne skiftet. Staten må på banen for å sikre at ein heil industri består. Fellesforslag frå Hyllestad, Askvoll, Solund og Fjaler.

- Det må iverksetjast konkrete tiltak for å hjelpe verftsindustrien med eigenkapitalskravet ved finansiering av byggelån for å kunne konkurrere om nye kontrakter. T.d utvida rammer/mandat for GIEK.

Forslag 99 - Høyanger Ap

Innstilling:

Industri er viktig for Høyanger og Vestland

Begrunnelse:

Industrien skapar store verdier og mange arbeidsplassar i vår region. Vi ønsker å føre ein aktiv næringspolitikk, som legg til rette for eit nyskapande, kunnskapsbasert og klimavenleg næringsliv.

- vidareføra CO2-kompensasjonsordninga etter 2020 med minst 75% kompensasjon. Dette er viktig for å sikra norske arbeidsplassar, og sørge for at industri ikkje vert flytta til land med mindre stram klimapolitikk.
- satse på dei unge ved å betre lærlingordninga og fagutdanninga. Industriproduksjon vil i framtida vere kunnskapsbasert og vil stille krav til kontinuerleg etter- og vidareutdanning.
- ha konkurransedyktige rammevilkår som gjer det attraktivt å investere i norsk industri.
- ha fokus på forvaltning av energiresursane slik at det i framtida vil vere grunnlag for industriproduksjon i landet.

Forslag 100 - Kvinnherad Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Sunnhordaland er ein region med tung industriell kompetanse og erfaring, både i Kvinnherad, på Stord og i Hardanger. Nøkkelord som Kvinnherad stiller opp med, er grøn elkraft, arbeidskraft, vasstilførsel, areal, kai og kommunikasjonar.

- Arbeidarparti vil jobba for at Kvinnherad skal vera aktuell lokasjon for etablering av batterifabrikk og andre berekraftige industrisatsingar. Dette vil kunna gje mange arbeidsplassar og ein vesentleg auke i aktivitet og folketal i Kvinnherad.

OPPVEKST/ BARN OG UNGE

Forslag 101 - Bremanger Arbeidarparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Barn- og unge er hardt råka av at koronapandemien har ført til ned stenging av sosiale aktivitetar og møteplassar. Vi fryktar at dette vil føre til at mange barn- og unge ikkje vil delta på aktivitetar dei tidlegare var ein del av. Arbeiderpartiet skal legg til rette for at lag og organisasjonar får nok midlar og ressursar til å kunne styrke sitt arbeid ut mot barn- og unge for å sikre at dei vert motivert til å delta i den organiserte aktiviteten att.

Forslag:

- Betre frivillige lag og organisasjonar sine økonomiske rammer for å styrke sitt arbeid inn mot barn- og unge i samband med koronapandemien

Forslag 102 - Bremanger Arbeidarparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Gode og trygge oppvekstkår er viktig for trivsel, tryggleik og utvikling. Barn og unge som vert berørte av fattigdomsproblem opplever i større grad utestenging frå felles arenaer og kan oftare oppleve vanskar seinare i livet, td på skule og i arbeidslivet. Tal frå SSB viser at antal barn som lever i familiar med vedvarande lavinntekt har auka betydeleg dei siste om lag 15 åra. Arbeidarpartiet har som sitt overordna mål at «alle skal med». Difor må vi også ta eit ekstra ansvar for desse barna. Det kanskje aller viktigaste handlar om at foreldre i

lavinntektsfamiljar kan komme i vedvarande inntektsgivande arbeid. I tillegg kjem fokus på sosial inkludering i barnehage og skule samt på fritid i samarbeid med frivilligheten. Det trengs tettare oppfølging av barn og ungdom som står utanfor skule og arbeidsliv. Og det trengs tettare samarbeid mellom ulike hjelpeinstansar.

Forslag:

- Innsatsen for å bekjempe barnefattigdom må aukast. Fellesskapet må stille opp, slik at alle barn kan få likeverdige muligheter, uavhengig av foreldre sin arbeidssituasjon, økonomi, helse med meir.

Forslag 103 - Stad Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Gode og trygge oppvekstvilkår er utgangspunktet for at alle barn kan ha god trivsel og god utvikling. Forebygging er kanskje det aller viktigaste for at barn kan ha ei god psykisk helse. Forebygging skjer der barn og ungdom lever liva sine. I heimen, i barnehagen, på skulen, i vennekretsen, på fritidsaktivitetar. Barn som er trygge, som blir sett og inkluderte har eit godt utgangspunkt for ei god psykisk helse. For dei som likevel treng hjelp, er det viktig at denne er lett tilgjengeleg. Barn og ungdom skal ikkje risikere å gå kanossagang mellom ulike hjelpeinstansar. Dei treng «ei dør inn» til det kommunale hjelpeapparatet, og smidige overgangar til spesialisthelsetenesta der dette er nødvendig. Vi veit at unge med vedvarande psykiske helseplager kan ha auka risiko for å ikkje fullføre utdanning, og dermed risiko for å bli ståande utanfor arbeidslivet. For oss i Arbeidarpartiet er det viktig at alle kan delta i samfunnet. Difor er forebygging og behandling av psykiske helseplager hos barn og ungdom noko vi må og vil løfte.

- Stad Arbeidarparti meiner at god psykisk helse er minst like viktig som fysisk helse. Dette gjeld særleg for barn og ungdom. Difor må forebygging og behandling av psykiske helseplager få ein enno større plass i velferdssamfunnet.

KULTUR

Forslag 104 - Bremanger Arbeidarparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Styrke kompenseringssystema for kulturlivet knytt til korona-pandemien.

Forslag 105 - Stad Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Institusjonar, arrangement, enkeltpersonar og artistar har i varierende grad fått kompensasjonsordningar, men det er ikkje laga ein heilskapleg oversikt over konsekvensane pandemien har hatt for kulturbransjen. Ein heil akademisk profesjon står utan sysselseting og utan tiltak. Tilsette i kulturinstitusjonar, galleri, museum m.v står utan sysselsetning, samstundes som dei fleste motkonjunkturtiltaka ser ut til å vere sett inn på bygg, anlegg og infrastruktur. Bransjen står i fare for å mysse kompetanse når landet kan opne igjen, og fagpersonane orienterar seg mot yrker og arbeid som gir tryggare inntekt.

Stad AP meiner pandemi-kompenseringa for kulturlivet må aukast, i bredde og omfang:

- stimuleringsordning som også tar høgde for nye nedstengingar.
- kompensasjonsordning i tillegg til stimuleringsordninga.
- samarbeid mellom helsemyndigheter og festivalvalane sine interesseorganisasjonar for å auke medverknad til
- truverdige smitteverntiltak.
- likestilte finansierings og ansetjingsordningar i dei ulike statlege kulturinstitusjonane

Forslag 106 - Sunnfjord Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Kort om målsettingar til folkebiblioteka: å fremje opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre media gratis til disposisjon for alle, vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt, i sine tilbod legge vekt på kvalitet, allsidigheit og aktualitet, gjere innhald og tenester til biblioteka kjendte, og vere ledd i eit nasjonalt biblioteksystem.

Biblioteket er med andre ord allment og gratis, difor har det ein inkluderande funksjon for alle som ynskjer det, uavhengig av økonomi, livssyn, legning og etnisitet. I eit samfunn med aukande skilnader mellom folk, er dette ein svært viktig funksjon. I biblioteket kan ein få kvalifisert hjelp til informasjonsinnhenting, og heile det nasjonale biblioteksystemet er tilgjengeleg. Det kan også ha ein kulturberande funksjon. Den store informasjonsmengda kan koplust saman med fagkompetanse og lokal tilknytning hjå den enkelte bibliotektilsette.

Biblioteka er alt utbygde over heile landet, det er eit godt utgangspunkt for vidare satsing. Eit moderne og veldrive bibliotek kan også vere attraktivt i reiselivssamanheng. I ei tid med nedskjeringar i den kommunale drifta er det viktig å verne om og vidareutvikle den gode rolla bibliotek har i eit moderne velferdssamfunn.

- Arbeidarpartiet må arbeide for ei styrking av folkebiblioteka For at styrkinga skal verte reell, må det arbeidast på fleire felt: midlar til investering og drift av bibliotek i kommunane, arbeid for å få fleire til å ta utdanning som bibliotekar, og informasjon om biblioteka sin funksjon og potensiale for utvikling.

DISTRIKT

Forslag 107 - Bremanger Arbeidarparti

Innstilling:

Begrunnelse:

I dei seinare år har det vore ei omfattande utbygging av straumnett i vårt område. Dette har ført til ein kraftig auke i nettleiga. Utbygging av straumnett er viktig for å nå klimamåla i samband med det grønne skiftet. Dette er ei nasjonal oppgåve der byrdene må fordelast på alle. Vi krev at det vert etablert nasjonale utjamningsordningar som sikrar lik nettleige for industri og vanlege forbrukarar.

Forslag 108 - Etne Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

By og land, hand i hand

3. Distriktpolitikk Etne Arbeiderparti ber om ei tydeleg satsing på distrikta. Auka midlar til fylkesvegnettet, gul stripe og rassikring av vegane er avgjerande for tryggleik i kvardagen. Utbygging av breiband er avgjerande for utviklinga i alle deler av landet. Det er eit reelt distriktpolitisk verkemiddel. Ein landbrukspolitikk som legg til grunn ei god ressursutnytting i heile landet. Betra kommuneøkonomi for å sikre gode velferdstilbod i heile landet. Vertskommunane må i framtida også verta kompenserte for å stilla sine naturressursar til rådvelde for storsamfunnet: Samfunnskontrakten må stå ved lag også for ny ressursbruk.

Forslag 109 - Kinn Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Distriktsutvikling er viktig for hele landet. Men dessverre har vi sett en statlig styrt avvikling av statlige arbeidsplasser i distriktene til fordel for mer sentrale plasser, primært Oslo.

Samtidig ser vi en storstilt etablering av nye statlige arbeidsplasser, primært i de største byene. Ved hver nyetablering av statlige arbeidsplasser, og utviding av eksisterende, må det vurderes om det kan skje utenfor de største sentrene. Historien har vist at det ikke bare er mulig, men svært bra for landet som helhet.

Arbeiderpartiet må ta tak i prosessen med å snu den uheldige utviklingen vi har sett de siste årene. Arbeiderpartiet må sette dagsorden for utvikling av distriktene. Halvering av fergetakster er et godt bidrag, men det må kun være en start på en ny trend.

Ta hele landet i bruk! Dette er ikke bare en floskel, det er nødvendig. Verdiskaping skal skje i hele landet. Og Arbeiderpartiet skal være i førersetet!

Forslag 110 - Sunnfjord AP

Innstilling:

Begrunnelse:

Det er viktig å legge til rette for gode offentlege tenester for innbyggjarane i Sunnfjord kommune og kommunane rundt oss. Å inneha ein førerrett er noko dei fleste både ynskjer og treng i sitt daglegliv. Vi ser og at sjåførskule som ma. tilbyr føraropplæring for tunge klassar, etablerer seg og utviklar seg i Sunnfjord. Sunnfjordregionen har mange flotte transportbedrifter som trass hard konkurranse ma. frå utanlandske selskap, klarar å oppretthalde drift og vidareutvikle seg. Det er viktig å oppretthalde eit godt tilbod til næringslivet. Ma. gjeld det å gje tilbod om oppkøyring for å erverve førerrett, rekruttering av sjåførar til transportnæringa, samt tilbod til publikum og næringslivet når det gjeld godkjenning av køyretøy. Effektiv og målretta trafikk kontroll er viktig for å trygge trafikken på vegane våre. Fortsatt samlokalisering mellom dei forskjellige faggruppene er viktig for å halde oppe kompetanse og vidareutvikle kompetanse på tvers av fag.

- Bevar eit godt statleg tenestetilbod og statlege arbeidsplassar i Sunnfjord Kommune. Sunnfjord Arbeidarparti ser det som viktig å halde oppe og utvikle vidare Statens vegvesen sitt tenestetilbod i Førde. Sunnfjord Arbeidarparti vil derfor arbeide for å få bygd ny trafikkstasjon lokalisert nær tunellutløp ny trase E39, ved Brulandsberget i Førde.

Forslag 111 - Vik Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Høgre regjeringa har tappa distrikta for statlege arbeidsplassar, mellom anna under dekke av fylkes og kommune reform.

- Vi Ynskjer at Arbeiderpartiet skal revitalisere distrikta, mellom anna gjennom å kanalisere fleire arbeidsplassar ut i distrikta.

Forslag 112 - Øygarden Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

I NTB-melding publisert 25.1.21 fremgår det at det er stor økning i antall gjeldsordningssaker som fremmes for namsmennene. I tillegg pekes det på at det lenge har vært advart mot nordmenns høye gjeldsnivå. Koronatiltakene har rammet rammet mange, spesielt i de mest utsatte næringene, som i reiseliv- og utelivsbransjen og en del andre tjenesteytende næringer. Tidligere var namsmannen tilknyttet det lokale lensmannskontoret. Inkassosaker og gjeldsordningssaker ble behandlet lokalt. I forbindelse med politireformen (nærpolitireformen) er namsmannsfunksjonen blitt en del av en større sentralisering og er lagt til byene. Jfr sentrale føringer skal behandlingstiden for gjeldsordning være 90 dager. Jfr Dagens Næringsliv er behandlingstiden, etter sentraliseringen, fra 18 – 19 måned. Mange innbyggere i Norge er satt i en vanskelig økonomisk situasjon på grunn av korona pandemien. Innbyggerne trenger hjelp til å møte tvangsinn drivelse av sin gjeld og de kan ikke vente i halvannet år på å få sin søknad behandlet. Dette er å legge en ekstra byrde til innbyggere som allerede er i en vanskelig situasjon.

Arbeiderpartiet mener at namsmannsfunksjonen tilbakeføres til de lokale lensmannskontorene slik at en sikrer nærhet til tjenesten og at innbyggerne får en raskere og mer effektiv behandling av sin gjeldsordningssøknad. Dette vil også skape flere arbeidsplasser i distriktene.

VELFERD

Forslag 113 - Gloppen Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Det er ei kjent sak at kommuneøkonomien er kraftig redusert under sitjande regjering. Det er no på tide å ta grep for å rette opp eit skakkøyrte kommunenoreg. I tillegg til å fjerne

"ostehøvelkutta" som regjeringa heilt uforståeleg auka midt i ein pågåande pandemi, auka dei og innslagspunktet for dekking av ekstra utgifter til særleg ressurskrevjande personar.

Dårleg økonomi i kommunen får konsekvensar for handtering av kommunens kjerneoppgåver. Ofte er det dei aller ressursvake som lir, dette kan ikkje vi som lever etter sosialdemokratiske idealer vere kjent med.

Kommunane må få refundert ein større del av dei ekstra kostnadane til naudvending omsorgsoppgåver som ressurskrevjande personar treng. I tillegg må grensa på 67 år fjernast. Det er ikkje slik at behovet for ekstra omsorg fell vekk når ein fyller 67 år.

- Senke innslagspunktet til 2018 nivå (1 270 000,-)
- Auke dekningsprosenten frå 80% til 90% • Fjerne aldersbegrensinga på 67 år

Forslag 114 - Gloppen Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Det er (+)åtte år sidan Samhandlingsreforma med sine gode intensjonar vart presentert, og verkelegheita er blitt ei heilt anna. Avtalane mellom kommunar og helseføretaka er skrivne og signert, men mens helseføretaka "berre" skal gje frå seg oppgåver og ansvar til kommunane, så har kommunane, i tillegg til å kjempe mot stadige kutt i tildelte økonomiske midlar frå staten, måtte ruste seg til å hendle nye oppgåver og ansvar innan helse- og omsorg. Dette har resultert i at kommunane enno ikkje har fullt oppe å går det apparatet som er naudvendig for å ta i mot utskrivne pasientar frå sjukehus. Konsekvensane er store gebyrutgift til kommunane på grunn av overligg på sjukehus.

Ei anna utfordring er at sjukehusa skriv ut pasientane for tidleg. Kommunane får pasientar sendt "heim" for vidare oppfølging av den kommunale helsetenesta, men pasientane er så sjuk at det ikkje er forsvarleg og må sende dei tilbake til sjukehuset innan døgn eller eit par døgn. Slike tilfelle er både svært belastande for pasienten, men og ressurskrevjande for kommunehelsetenesta.

- Gloppen AP vil at Arbeiderpartiet tek reforma frem og børster støv av den. Vi må sikre kommunane eit økonomisk handlingsrom og for eksempel myndigheit til å bøtelegge helseføretaka når dei skriv ut pasientar for tidleg, for slik å gjevne maktbalansen.

Forslag 115 - Gloppen Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Budsjettundersøkinga som Kommunenes Sentralforbund utførte i 2020 viser at kommunar og fylker slit med dårleg økonomi, samtidig som dei aukar investeringar med hhv fem og ti prosent. Auka utfordringar i åra som kjem vil med dagens overføringar til kommunane redusere handlingsrommet og gje innbyggerane dårlegare vilkår.

Berekraftig kommuneøkonomi krev gode og langsiktige rammevilkår, ikkje berre i form av akseptabel vekst i frie inntekter, men og i form av makt for lokale tilpassingar. Med nye grenser for offentleg pengebruk er det ekstra viktig med lokal handlefridom. Kvalitetsnormer i seg sjølv er ikkje nødvendigvis negativt, men då må dei vere fullfinansierte.

Underfinansierte statlege pålegg, som for eksempel bemanningsnorma i barnehagane, gjer det vanskeleg å planlegge, og undergrev moglegheit til langsiktig berekraft i kommuneøkonomien.

Kommunane er sentral i det grønne skiftet og for å kunne bidra kraftfullt må kompensasjonsordningane styrkes, enten det dreier seg om utsleppsfrie ferjer eller fornybar energi. Klimasatsordninga kan bidra godt til omstillinga og må ikkje svekkast.

- Arbeiderpartiet skal bruke 4 milliardar meir på kommunane og 2 milliardar meir på fylka.

Forslag 116 - Hyllestad Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Å føle seg trygg er ein av primærbehova hjå eit kvart menneske. Å vite at ein får hjelp når ein treng det og at hjelpa kjem i tide kan verke sjølvstøtt for mange. I distrikta er det ikkje det. Pressa budsjett hjå helseføretaka gjer at utrykningstida for prehospitale tenester står i fare for å verte vesentleg auka fleire stader. Politireforma har ikkje betra totalbildet. Det må takast grep og sikre trygghet for folk, uansett kor ein bur. Heile Hyllestad kommune, delar av Høyanger, samt øyane utanfor Askvoll vil med vedtak som er gjort og forslag som ligg føre frå helseføretak få ei sterkt svekka prehospitale tilbod. Kor mykje er eit liv verdt i 2021?

- Responstid for prehospitale tenester skal vere forskriftsfesta til maks 30 minutt.

Forslag 117 - Kinn Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Helseføretak og direktorata sender nye oppgåver og forventningar, utan at det er reell samhandling og avklaring av tenesteproduksjonen sine vilkår. Meir enn å vere eit støtteapparat, er direktorata faglige klynger som operasjonaliserer forventningar sendt frå Regjeringa som skal svarast ut i rammer som vert stadig knappare. Bilde av fagarbeidaren, sjukepleiaren, læraren som skal springe raskare og raskare for å levere betre tenester meir effektivt er godt. Då ser vi at risikoen for å snuble å brette armer og bein aukar. Siste eksempel er forslaget om obligatorisk testing av norskferdigheiter for alle barn før skulestart. Etter samhandlingsreforma er det i kommunane gjort eit godt arbeid med å vidareutdanne og rekruttere tilsette med relevant kompetanse. Ein må ha tid til å få yte dei tenester som er etterspurt og det er naudsynt å vurdere om organiseringa av støttefunksjonane svarer på behov i tenesteproduksjon i kommunane i dag. Leiarane må få leie sine tilsette ut ifrå de rammer som ligger i lov og forskrift. Bruk og organisering av støttefunksjonane treng ei lokal tilpassing og mindre sentralstyring. Forventningar må avstemmast og kommunane treng auka økonomiske ressursar som følgjer av innbyggjarane sine auka retter.

- Arbeiderpartiet vil arbeide for at det skal verte større samsvar mellom forventningar til tenesteproduksjon i kommunal forvaltning og dei økonomiske rammene. Innbyggjarane sine behov møtast best når kommunane har rett kompetanse og nok ressursar i tenestene til å halde ein god dialog med innbyggjarane og dei tilsette. Eksempel: barnehagekapasitet, veiledning og oppfølging av fysisk og psykiske vanskar for born, unge og vaksne, heildagsskule eller gratis SFO.

Forslag 118 - Stad Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

1. Pandemi

Forslag: Stad Arbeidarparti meiner at krisetiltak og kompensasjonsordningar må vare så lenge pandemien pågår. Og dei må innrettast slik at dei treff dei som treng det mest, enten det er bedrifter, permitterte, kulturlivet, reiselivet, studentar eller andre.

Forslag 119 - Stad Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Det er ei kjennsgjerning at svært mykje av helseforskinga foregår på menn, også der kvinner vert ramma av same sjukdomar, men kanskje med noko annleis sjukdomsbilete. Det er også ei kjennsgjerning at mange at dei typiske «kvinnesjukdomane» framleis kan vere

tabubelagde, det vere seg endometriose eller fødselsskader. Fødetilbodet landet rundt er i spel, både når det gjeld nærleik og kvalitet. Kvinner sine rettar i høve svangerskap og fødsel har blitt innskrenka med Solberg-regjeringa. Store avstandar til Gynekolog fører også til at abort er vanskelegare å få gjennomført i rurale strøk der prosedyren som går over fleire trinn medfører ekstra belastning. Likestillingspartiet Arbeidarpartiet må løfte fokus på og innsaksen for kvinner si helse framover. Slik at alle kan ha likeverdige muligheter til gode liv.

- Stad Arbeidarparti meiner det bør lagast ein eigen strategi for kvinner si helse. Denne må innehalde meir fokus på forskning, meir kunnskap i helseutdanningane og meir fokus i samfunnsdebatten. Det skal også være tilgjengelege tenester for kvinnehelse i heile landet.

Forslag 120 - Stad Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Allereie i 2016, på eit seminar i Tromsø om fastlegeordninga, vart det advart om at fastlegeordninga kan bryte saman i løpet av fem år. No er krisa her. Svært mange kommunar i landet, slit med rekruttering av fastlegar, og lister vert ståande ubesette i lang tid. Konsekvensen vert hyppig vikarbruk, og ei betydeleg dårlegare helseteneste for mange innbyggjarar. Dette rammar aller hardast dei med kroniske lidingar og dei med samansette helsesosiale vanskar. Det kjem stadig nye oppgåver, men ikkje meir ressursar. Dette siste året med pandemi har sjølvsgjort det heile enno meir kritisk. Erfarne legar sluttar fordi dei ikkje klarer arbeidsbelastninga lenger. Unge legar vil ikkje velje ein arbeidskvardag som vanskeleg let seg kombinere med fritid og familieliv. Fastlegeordninga er ein stor suksess. Kjerneverdiane ved nordisk almenmedisin er eit godt og stabilt lege-pasientforhold der dei med størst behov vert prioritert først. Og der kontinuiteten er ein verdi i seg sjølv. Dette kan vi ikkje risikere at bryt heilt saman. Bent Høie har ikkje levert i høve fastlegeordninga. No må Arbeidarpartiet legge til rette for stabilitet og gode arbeidsvilkår for fastlegane framover, til det beste for alle pasientar i overskueleg framtid.

- Stad Arbeidarparti meiner at sentrale myndigheter no må ta grep for å betre rekruttering og bevaring av fastlegar i heile landet.

Forslag 121 - Stryn Ap

Innstilling:

Begrunnelse:

Den einaste formuleringa vi kan finne i Arbeidarpartiet sitt forslag til program er at barnetrygda skal vere på noverande nivå.

I dei langt fleste kommunane vert barnetrygda rekna som inntekt for dei som får økonomisk sosialhjelp, og dermed blir det dette er ei ordning som Stryn Ap meiner slår svært skeivt ut for dei svakast gruppene i samfunnet. Dersom vi skal motverke barnefattigdom og stigmatisering av familiar, meiner vi det må til ei nasjonal forskrift der denne urettferdige ordninga vert fjerna.

Stryn Ap har i eiga kommune gjort framlegg om dette, men får førebels ikkje fleirtal for det. Det vert vist til store kostnader og til at det finst særlege vurderingar i NAV som kan hjelpe i prekære situasjonar. Vi meiner at det ikkje er godt nok med særordningar der familiar må søkje NAV om ekstra midlar til enkle ting som ny barnehagedress, stønad til barnebursdag og andre ting vi med normale inntekter ser som sjølv sagt for ein familie.

- Stryn Ap ber fylkespartiet medverke til at følgjande vert ein del av Arbeidarpartiet sin politikk: Barnetrygda skal ikkje reknast som inntekt for dei som tek imot økonomisk sosialstønad. Dette må vere innført som nasjonal forskrift.

Forslag 122 - Sunnfjord Arbeiderparti

Innstilling:

Begrunnelse:

Grunngjeving:

WHO definerer aldersvennlege samfunn som eit samfunn der vi:

- Anerkjenner mangfaldet blant eldre
- Fremjar inkludering av eldre
- Verdset eldre sitt bidrag i samfunnet
- Respekterer eldre sine avgjerder
- Forventar og responderer på aldersrelaterte behov og preferansar

